



«På Tvers. Regional tilgang til forskingsressursar»

Fase 3: Vurdering av modellar og mogelege løysingar.

Prosjektrapport skriven av

*Gerd Vik, Solveig Wikstrøm, Grethe Høyvik Hansen, Arild Skalmeraas,
Clara Agathe Hagtvedt Lunndal, Paul Simon Svanberg og Nils Andenæs.*

*På vegne av UH-nett Vest – Biblioteksamarbeidet
Desember 2018.*

ISBN (elektronisk versjon) 978-82-93677-01-7

Innhald

1. Forord	3
2. Samandrag og tilrådingar	4
3. Bakgrunn og mandat	5
a. Mandatet for prosjektet.....	5
b. Oppsummering av fase I og II.....	5
4. Organisering og arbeidsprosess	6
a. Organisering	6
b. Arbeidsprosess	7
5. Definisjonar og avgrensingar.....	8
6. Andre relevante prosjekt og tenester	9
a. Tilgjengelighetsprosjektet i Tromsø	9
b. Helsebiblioteket	9
c. Dansk undersøking av situasjonen ved små og mellomstore bedrifter	10
d. JISC collections	10
e. FinELib.....	11
7. Instituttsektoren.....	11
8. Publiseringslandskapet i dag	13
a. Marknaden	13
b. Kan open tilgang endre forretningsmodellen?	14
c. Norske, opne tidsskrift innan humaniora og samfunnsvitskap	15
d. Andre tilhøve i dagens publiseringslandskap.....	15
e. Konsortia og UH-sektoren viser marknadsmakt.....	16
9. Lisensavtalar via Unit.....	17
a. Kven arbeider Unit for?	17
b. Lisensavtalar.....	17
c. Administrasjonsverktøy	18
d. Prising av avtalar	18
e. Passar Unit sine avtalar for små institutt?	19
10. Døme på løysingar for forskrarar på tvers.....	20
a. Institutt med eigne bibliotek og avtalar hjå Unit	20
b. Institusjonar knytt til bibliotek ved universitet eller høgskule.....	21
i. Nordlandsforskning (NF).....	21
ii. Vestlandsforskning.....	22

iii. Telemarksforskning.....	22
iv. Andre ordningar.....	22
c. Einskildforskarar i offentleg sektor.....	23
d. Prisstruktur for konsortieavtalar via Unit som passar for dei minste einingane. Kva løysingar finst?	23
11. Brukarstøtte og fjernlån	24
a. Brukar- og forskingsstøtte i UH-biblioteka	25
b. Behovet for brukarstøtte hjå forskarar på tvers	26
c. Forslag til tema for brukarstøtte for forskarar på tvers	27
d. Omfang og avtale	29
12. Diskusjon og konklusjon	29
a. Vegen vidare.....	31
Litteratur.....	33

Vedlegg 1 Rapport om deltaking for eit forskingsinstitutt via eit universitet

Vedlegg 2 Avtale om biblioteknester mellom Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet

Vedlegg 3 Forskingsinstitutt i Unit sine avtalar

1. Forord

Denne rapporten ser på problemet med manglende tilgang til digital, vitskapeleg litteratur for små forskingsmiljø som ikkje er knytt til bibliotek i norsk universitets- eller høgskulesektor. Ein har gjennom dette prosjektet ønskt å finne fleksible modellar for korleis desse forskarane kan løyse behovet for slik tilgang.

Prosjektet er tredje del av «På tvers»-prosjektet, initiert av biblioteksamarbeidet under paraplyorganisasjonen UH-nett Vest: Universitets- og høgskolenettverket på Vestlandet. I denne siste fasen er også deltakarar frå Universitetet i Sørvest-Noreg og Nord universitet med i prosjektgruppa i tillegg til deltakarar frå Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og Unit.

Ser ein På tvers-prosjektet som eit samla prosjekt, har det gått om lag sju år sidan prosjektet kom i gang, og her har vore ulike deltakarar og ansvarlege undervegs. Ingen av medlemmane i denne prosjektgruppa har følgd prosjektet frå start til slutt.

Store organisatoriske endringar har skjedd i sektoren frå 2016 til 2018. Fleire av dei deltagande institusjonane er blitt omorganisert. Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen har fusjonert og blitt Høgskulen på Vestlandet. Samansetjinga av prosjektgruppa er gjort ut frå tidlegare struktur. I mai 2018 har Høgskulen i Sørvest-Noreg fått universitetsstatus og blitt Universitetet i Sørvest-Noreg.

Noverande Unit har hatt to namnebyte. Cristin konsortietteam vart ein del av Ceres i 2017, deretter vart teamet utvida til «Ceres Lisensavtaler og åpen tilgang (LÅT)» under Seksjon for forskningstjenester i Unit. Unit – Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning vart oppretta 1.1.2018. I rapporten er eininga omtalt både som Unit, Ceres og Cristin.

Det er også naturleg å peike på dei store endringane som skjer og har skjedd i seinare tid når det gjeld vitskapleg publisering, oppretting av forskarnettverk og open tilgang (open access). Prisane på tidsskriftpakkar er og har vore sterkt aukande, men på den andre sida begynner femten år med lovlege open access-publiseringar å gi merkbare utslag på tilgangen til forskingslitteratur.

Vidare er instituttsektoren er i ferd med å gjennomgå viktige strukturelle endringar. Dette er omtalt i kapittel 7.

Medan denne rapporten vert fullført, føregår høglydte debattar i norske media om vitskapeleg publisering. Utgangspunktet for diskusjonen er Norges forskningsråd sin «Plan S» som medfører strenge krav til val av publiseringaskanalar frå 2020.

Alt i alt ber nok vårt prosjekt preg av at grunnleggande endringar skjer, og at den røyndomen vi prøver å finne løysingar for, er i stadig endring og vanskeleg å navigere i. Vi håper likevel at dette arbeidet kan ha verdi for små institusjonar og forskrarar på tvers som har behov for forskingslitteratur.

2. Samandrag og tilrådingar

På bakgrunn av tilrådingane som var gjort i fase II, valde vi primært å arbeide vidare med å sjå på ein modell der ein liten institusjon kan bli administrert og kome med på avtalar for digital vitskapleg forskingslitteratur hjå ein større UH¹-institusjon med eige bibliotek.

Det viser seg at forlaga i liten grad godtar dette dersom institusjonen er ei eiga juridisk eining. For desse minste institutta – ofte organisert som stiftelsar - er også utfordringa at prisstrukturen i mange avtalar ikkje er finmaska nok. Prismatrisene fangar ikkje opp dei minste deltagarane i avtalane, og dei må eventuelt inngå dyre avtalar.

Institutt som er eigd av ein UH-institusjon kan oppnå betre prisar, men arbeidet med dette er svært tid- og ressurskrevjande. Nokre forlag – men ikkje alle – godtok at slike institusjonar kunne kome med eller få fordelar av eigarinstitusjonen sine avtalar. Det er stor variasjon i institusjonar kor den eine administrerer forskingsressursar på vegner av ein annan (mor/dotter-institusjonar) med omsyn til formelle tilhøve som sams eller ulike IP-adresser, eigarforhold eller juridiske einingar på den eine sida og forlaga sine vilkår for administrasjon og tilgang på den andre. Det er komplekse lisensvilkår. I nokre tilfelle kan ein forhandle eit institutt inn i ein avtale, men det er ikkje ein straumlineforma måte å gjere dette på.

Etter eit møte som vår gruppe tok initiativ til, har Unit, Norges forskningsråd og Forskningsinstituttenes fellesarena planlagt vidare samarbeid med sikte på andre mogelege fellesløysingar for instituttsektoren.

Ein har avgrensa erfaring med å inngå avtale om brukar- eller forskingsstøtte mellom eit forskningsinstitutt og eit bibliotek ved ein UH-institusjon, men vi ser at det er kome nokre positive døme på dette.

Det er mange teikn i tida som tyder på at den unike marknads- og monopolituasjonen som forlaga har klart å etablera, no vert utfordra: Talet på publikasjonar med open tilgang aukar, og store konsortium i fleire land forsøker å presse prisane frå forlaga. Det er ønske om å snu betalingsstraumen frå å betale for abonnement og lesing til at forfattarane betalar for publisering av sine artiklar gjennom open tilgang.

Prisstrukturen i mange avtalar fangar ikkje opp dei minste einingane. Det er difor viktig at Unit held fram med å tale dei minste institusjonane si sak i forhandlingar.

Tilrådingar

- Også dei minste forskningsinstitutta treng i dag å prioritere midlar til vitskapelege e-ressursar.
- Vi vil anbefale institutta og UH-biblioteka å inngå avtalar om brukar- og forskingsstøtte.
- Institutta bør kartlegge og analysere behova for litteratur hjå sine forskarar og overvake bruken av databasane slik at ein er sikker på at ein vel dei mest relevante ressursane.
- Vi vil anbefale forskingsfinansiørar å stille krav om dokumentasjon på at institusjonar som vert tildelt midlar har nødvendig tilgang til vitskapelege e-ressursar.

¹ Gjennom rapporten vert forkortinga UH nyttta for universitet og høgskule: UH-sektor, UH-institusjon og UH-bibliotek.

3. Bakgrunn og mandat

Dei to føregåande «På tvers»-prosjekta viste at det er omfattande behov for å betre tilgangen til forskingslitteratur og forskingsdatabasar i organisasjonar med få relevante brukarar. Forskarane gir uttrykk for at dei treng direkte tilgang for å kunne gjera ein god jobb. Lisensar til slike tidsskriftpakkar er svært kostbare og det å skaffe dei vil truleg vera relativt arbeidskrevjande for små institusjonar. Vårt prosjekt ønskte difor å prøve å finne modellar som kan løyse utfordringane for dei små institutta.

Prosjekta har forsøkt å finne svare på følgjande spørsmål: Kva er behovet for og korleis skal ein få tilgang til viktige vitskapelege e-ressursar for ei utvald gruppe forskrarar?

Denne gruppa forskrarar var opphaveleg (i første fase) tilsette i instituttsektoren, helsesektoren og offentleg forvaltning. I fase III har vi hovudsakeleg konsentrert oss om instituttsektoren.

a. Mandatet for prosjektet

Mandatet for prosjektet vart vedteke av styringsgruppa i møte den 29.11.16:

«Mandatet for prosjektet er at ein saman med Cristin [no Unit] søker å utvikle meir fleksible modellar av fellesløysingar for korleis desse organisasjonane kan løyse sine behov for effektiv tilgang til digital vitskapeleg forsking. Dette kan vera løysingar på nasjonalt nivå eller på regionalt nivå, via aktuelle bibliotek i UH-sektoren.

Ein vil òg skissere mogelege løysingar for opplæring og brukarstøtte i søking og bruk av desse ressursane. Løysingane må legge til rette for avtalar som vert akseptable for institusjonane, forлага, Cristin og samarbeidande bibliotek.

Målet er at ein av modellane kan setjast ut i livet i prosjektperioden eller i forlenginga av denne.»

b. Oppsummering av fase I og II

På tvers-prosjektet starta i 2012 med ei kartlegging (Abelsnes & Roos, 2014) av behov for forskingslitteratur blant tilsette i forskingsinstitutt, helseføretak og forvaltning. Ein undersøkte korleis deira tilgang til vitskapeleg litteratur var, korleis dei løyste og eventuelt samarbeidde om sitt behov for informasjon - og kva for negative følgjer eventuell manglande tilgang har. Det vart gjennomført både individuell spørjegranskning og gruppeintervju.

Kort fortald synte resultata at tilgangen til forskingslitteratur ikkje var så god som ein kunne ønske. Forskarane gav uttrykk for at omgåande tilgang var viktig. Dei ønskte å gjera breie søk. Det vil seie at dei ikkje berre kunne velje ut nokre få tidsskrift som dekkande for deira litteraturbehov. Google Scholar og Google vart mest brukt for å finne informasjon. Nesten halvparten av forskarane hadde doble tilsetjingar og dermed tilgang til forskingslitteraturen via andre kanalar.

Ein av informantane kommenterte situasjonen slik (s.43):

«Samfunnet investerer store ressursar i utdanning av forskrarar og bestilling av forskingsoppdrag. Da blir det heilt feil at det skal vera avgrensingar på kunnskap, ein av dei viktigaste ressursane forskarane treng tilgang til for å utøve arbeidet sitt.--- ».

I andre fase av prosjektet (Roos, Hansen, Vik, & Nilsen, 2015) vart det etablert ein pilot der fire institusjonar vart plukka ut og fekk tilgang til utvalde ressursar i ein periode på seks månader (fram til mai 2015). Kontakten med leverandørane tok Cristin sitt konsortietteam seg av, medan dei regionale høgskulebiblioteka var primærkontaktar for dei respektive institusjonane.

Det viste seg å vera skilnader på bruken i forskingsinstitutta samanlikna med offentleg forvaltning. Det var naturleg nok forskingsinstitutta som hadde størst bruk og behov for tilgangar medan det for tilsette ved andre institusjonar var relativt låg bruk av ressursane.

Kommunikasjonen med forlaga var vanskeleg. Truleg hadde dette samanheng med at dette handla om svært små institusjonar som ville bety lite for forlaga reint økonomisk.

Andre erfaringar i prosjektet sin fase 2 var at betalingsviljen hjå institusjonane i nokre tilfelle viste seg å vera låg.

Som tilleggskommentarar gav forskarane og institusjonane uttrykk for at dei også trøng andre bibliotektenester: Forskningsstøtte og brukaropplæring for søk og gjenfinning i databasar vart nemnt.

Prosjektfase II tilrådde to ulike løysingar:

- I. Ein nasjonal pris for alle typiske «På tvers»-institusjonar der dei så deler rekninga basert på storleiken til institusjonane.
- II. Ein modell der ein «På tvers»-institusjon knyter seg til ein annan UH-institusjon og får tilgang til deira ressursar. Partnarinstitusjonen betalar så ein fast del basert på FTE².

4. Organisering og arbeidsprosess

a. Organisering

Styrings- og prosjektgruppene vart utpeikt av UH-nett Vest si bibliotekgruppe. Styringsgruppa består av medlemmar frå den same bibliotekgruppa og i tillegg representantar frå Unit (tidlegare Cristin/Ceres). I denne fasen av prosjektet er institusjonar utanfor UH-nett Vest sitt virkefelt trekt med: Nord universitet og Universitetet i Søraust-Noreg (ISN).

Styringsgruppe:

- Ane Landøy (Universitetet i Bergen) (leiar)
- Marianne Nesbjørg Tvedt (Høgskulen på Vestlandet)
- Trude Færevaag (Høgskulen på Vestlandet, frå 2018 Universitetet i Bergen)
- Astrid Sandnes (Høgskulen på Vestlandet)
- Nina Karlstrøm (Unit - Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning)

Prosjektgruppe:

- Gerd Vik (Høgskulen på Vestlandet), (prosjektleiar)
- Paul Simon Svanberg (Universitetet i Bergen)
- Nils Andenæs (Unit - Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning)

² FTE står for fulltidsekvivalentar. <https://www.ceres.no/tjenester/laat/faq/utregning-av-fte.html>

- Solveig Wikstrøm (Unit - Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning)
- Arild Skalmeraas (Universitetet i Søraust-Noreg)
- Clara Agathe Hagtvedt Lunndal (Nord universitet, med i prosjektgruppa frå 15.2.17-)
- Grethe Høyvik Hansen (Høgskulen på Vestlandet)
- Monica Roos (Høgskolen i Bergen, med i prosjektgruppa fram til 20.12. 2016)

Unit har hatt tre månadsverk og prosjektleiar har hatt fire månadsverk til arbeidet med prosjektet. Prosjektgruppa har hatt god geografisk spreiing, på seks ulike stader i landet og vore knytt til fem ulike institusjonar. Alle har røynsler med lisensavtalar, nokon i gruppa har arbeidd med løysingar for instituttsektoren og andre har brei bibliotekerfaring frå UH-sektoren.

Det er lagt ut informasjon om prosjektet på UH-nett Vest sine heimesider³, og prosjektet har oppretta si eiga dokumentsamling med informasjon om prosjektet, møtereferat, presentasjonar og korrespondanse. Gruppa har hatt flest møte som videokonferansar. Det vart halde eit eige møte med biblioteket ved Nord universitet, og på bakgrunn av dette kom dei med i prosjektet. Eit dagsmøte vart halde i Oslo, der også Helsebiblioteket deltok på ein del av dagen.

Prosjektgruppa har hatt elleve skypemøte og eitt fysisk møte. Styringsgruppa har hatt to møte.

b. Arbeidsprosess

Prosjektgruppa har arbeidd med å avklare spørsmål rundt gruppa «på-tvers»-brukarar ved å gjera fleire initiativ i ulike retningar.

Dei viktigaste punkta er lista her:

- Gruppa har kontakta nokre bibliotek i UH-sektoren og spurt om deira tenester for forskingsinstitutt i sine nærområde.
- Ein har gjort litteratursøk og lese om relevante prosjekt på feltet.
- Gruppa hadde møte med biblioteket ved Nord universitet for å lære meir om deira røynsler i samarbeidet med Nordlandsforskning. Biblioteket ved Nord universitet kom med i prosjektet.
- Unit og Nordlandsforskning har informert om sine erfaringar med å få på plass lisensavtalane for Nordlandsforskning (sjå kapittel 10b og vedlegg 1)
- Møte med Kjell Tjensvoll i Helsebiblioteket før å høyre om deira røynsler med nasjonale lisensar.
- Unit har utarbeidd ein standardlisens basert på norske forhold, med utgangspunkt i standardlisensen til det britiske konsortiet Jisc. Denne definerer tydeleg kven som er autoriserte brukarar.
- I forhandlingar med forlaga inkluderer Unit alltid ei oppmoding om å tilpasse prismodellane til å omfatte dei minste institusjonane, slik at dei er berekraftige òg for dei. Dette gjeld alle avtalar.
- Unit har utarbeidd eit tillegg til sitt forslag til standard avtaleverk som skal ivareta denne typen deltakarar. Dette er forslag som dei fremmer i forhandlingar med leverandørane.

³ <http://uhnettvest.no/biblioteksamarbeid/prosjekter/pa-tvers-iii-prosjektet/>

- Unit har vore i kontakt med andre konsortium med spørsmål om dei har tilsvarende utfordringar.
- Gruppa har arbeidd med å finne løysingar for institutt i sine nærområde.
- Gruppa har arrangert workshop på bibliotekkonferansen Virak i juni 2017, der ein presenterte og drøfta problemstillingane for brukarar på tvers.
- Biblioteket Sogndal ved Høgskulen på Vestlandet har inngått samarbeidsavtale med Vestlandsforskning, og instituttet har teikna avtalar om databaselisensar.
- I januar 2018 arrangerte gruppa eit møte i samarbeid med Norges forskningsråd der nokre utvalde forskingsinstitutt, representantar frå Kunnskapsdepartementet, Unit, Forskningsinstituttenes fellesarena FFA (Abelia) og biblioteket ved OsloMet – storbyuniversitetet deltok.
- Gerd Vik og Solveig Wikstrøm har hatt møte i Sogndal i samband med skriving av rapporten.

5. Definisjonar og avgrensingar

Dette prosjektet har fokus på forskarar i Norge - ved offentleg finansierte institusjonar - som ikkje har tilgang til viktige forskingstidsskrift. Dei er ikkje tilsette eller studentar ved ein UH-institusjon, får ikkje tilgang til ressursane som desse biblioteka tilbyr, men er avhengig av god tilgang på forskingslitteratur for å kunne gjera jobben sin.

Definisjon av ein «på tvers-institusjon» i vår samanheng, er ein institusjon som driv forskingsverksemd, men som manglar tilgang til viktige forskingstidsskrift i databasar.

Eit anna omgrep som har vore nytta er «randsone»-institusjon.

Det er altså minst to typar «på tvers»-institusjonar:

1. Eit (lite) forskingsinstitutt utan bibliotekeneste eller tilgang til vitskapelege e-ressursar.
2. Offentleg forvaltning der (nokre få) tilsette periodevis forskar eller arbeider med prosjekt der dei treng tilgang til bibliotek/-vitskapelege forskingsressursar.

I prosjektfase III har vi vore opptekne av dei små og samfunnsvitskapelege institutta. Dei har vore vårt utgangspunkt fordi dei ligg i våre nærområde, og fordi det viser seg at det er vanskeleg å vera liten når ein vil inngå lisensavtalar med store internasjonale forlag. Vi har sett på deira moglegheit til å bli inkludert i eit UH-bibliotek sine konsortieavtalar som er forhandla fram av Unit.

Mandatet i prosjektet er å «utvikle meir fleksible modellar av fellesløysingar». Med omgrepet fleksibel modell meiner vi at det er ei løysing som kjem som del av avtalane frå Unit slik at det er enkelt å velje for instituttet og enkelt å administrere for Unit. Dei må altså vera standardiserte.

Når det gjeld forskarar (punkt 2 over) som periodevis treng tilgang eller arbeider i andre offentlege institusjonar, så har vi vald å halde denne gruppa utanfor temaet vårt fordi dette ikkje kan gjerast gjennom ein konsortieavtale. Dersom slike institusjonar skal inngå ein konsortieavtale via Unit, vil alle fulltidsstillingar telje med i prisinga.

I samband med at vi har sett på modellar av fellesløysingar, har gruppa også diskutert om nasjonale lisensar kan vere ei løysing. Unit konkluderer med at dei ikkje støttar eit forslag om nasjonale lisensar. Unit er nasjonal konsortieadministrator og har også nasjonalt ansvar for koordinering av arbeidet med open tilgang, det omfattar òg open tilgang i lisensavtalar med utgivarar. Ein overordna strategi for Unit, i tråd med oppdraget frå Kunnskapsdepartementet og i samarbeid med UHR og

Forskningsrådet, er å få ei rørsle mot open tilgang i alle lisensavtalar slik at målet om at alle vitaklege artiklar finansiert av offentlege midlar i Norge skal være ope tilgjengelege, blir innfridd. I nasjonale avtalar er spørsmålet om open tilgang ikkje relevant, og slik satsing vil difor slå beina under det viktige arbeidet som vert gjort for open tilgang.

I mandatet står det vidare «Ein vil òg skissere mogelege løysingar for opplæring og brukarstøtte i søking og bruk av desse ressursane». Her har vi tatt utgangspunkt i forskingsstøtte som føregår i UH-biblioteka i dag og definert brukarstøtte som noko meir omfattande enn hjelp til å bruke dei aktuelle ressursane. Vi har såleis i kapittel 11 vald å skissere kva dei kan ha behov for av fjernlån og forskingsstøtte.

6. Andre relevante prosjekt og tenester

Det er gjennomført ulike prosjekt og etablert tenester som skal ivareta forskrarar ved små institutt, og her trekkjer vi fram nokre viktige resultat frå desse.

a. Tilgjengelighetsprosjektet i Tromsø

Universitetet i Tromsø arbeidde alt i 2009 for å gi forskningsinstituttet Norut – og andre eksterne verksemder - open og fri tilgang til resultat av forsking som universitetsbiblioteket der tilbyr og skreiv rapport om dette arbeidet (Berntsen, 2011). Universitetet har 65 % eigarandel i Norut, og dette har vore ein viktig faktor for forlaga når dei prisar tenestene til Norut.

Ingrid Berntsen opplyste i e-post (februar 2017) at prosjektet ikkje har blitt vidareført til å omfatte andre institusjonar enn Norut sjølv om det var intensjonen. Andre vert vist til biblioteket sine generelle tenester for eksterne brukarar som til dømes walk-in access⁴. Eksterne brukarar har også blitt informert om at dei kan ta kontakt med fagansvarlege på UB. Når det gjeld brukarstøtte (bortsett frå fjernlån) til tilsette ved Norut, så var hennar inntrykk at denne vart lite brukt.

Universitetet erfarte at etableringsfasen av tenesta for Norut var ressurskrevjande medan vidare vedlikehald og administrasjon har vore enklare.

Rapporten påpeikar elles (s. 31) den gjensidige, regionale nytten dei ulike forskingsmiljøa har av kvarandre, og at dette samarbeidet er viktig for landsdelen ved å bidra til meir robuste fagmiljø. Såleis er det viktig at også universitetsbiblioteket legg til rette for forskingsaktiviteten ved instituttet.

b. Helsebiblioteket

Dette er ei digital bibliotekteneste - etablert i 2006 – for alle tilsette i helsetenesta og alle studentar på medisin- og helsefagutdanningane. Store delar av ressursane er også opne for alle norske IP-adresser. Det er altså nasjonale lisensar, og her finn ein oppslagsverk, databasar og lenker til skaringsverktøy, nasjonale retningslinjer og fagprosedyrar m.v.

Helse- og omsorgsdepartementet fekk i 2016 utarbeidd ein rapport (Mjelde et al., 2017) om vidare utvikling av tenesta. Der vert det m.a. foreslått fleire nasjonale avtalar for helsefaglege ressursar,

⁴ Dette er ein tilgang som regulert i lisensavtalane: Brukarar som oppsøker det fysiske biblioteket får tilgang til databasane via biblioteket sine datamaskiner.

meir innhald til kommunehelsetenesta og betre samordning med Cristin ved forhandlingar og innkjøp.

Nasjonale avtalar gir mindre administrasjon, det forenklar bruken, og det at Helsebiblioteket er finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet, og dermed har makt og mynde til å kunne sluttforhandle avtalar direkte med forlag, er også ein styrke. Det er også viktig å understreke at Helsebiblioteket driv ein bibliotektenesta der ein tilbyr brukarstøtte.

Rapporten peikar (s. 15) på at det samla gir ein klar økonomisk fordel med nasjonale avtalar for helsefaglege ressursar i motsetnad til at kvar institusjon må teikne eigne avtalar. Men om det er klokast å inngå ein nasjonal avtale vil variere frå produkt til produkt. Her er det avgjerande kor mange som etterspør og vil bruke produktet.

Unit tolkar rapporten som ei stadfesting av at somme avtalar ikkje eignar seg for nasjonalt innkjøp, nemleg «tidsskrifter som først og fremst treffer forskere, eller tidsskriftspakker som i hovedsak dekker andre fagfelt utenfor helse» (s. 8). Det blir understreka fleire stader at nasjonale lisensar for mindre brukargrupper (forskarar vil til dømes utgjera ei liten gruppe) vil vere uforholdsmessig dyre fordi tilgangen blir mykje vidare enn kva som er nødvendig. Det vil dessutan ikkje vere eigna for Cristin (no Unit) som ikkje driv bibliotekfagleg arbeid og som da ville måtte etablere ei heilt ny teneste. Dette blir evaluert som for kostnadskrevjande.

c. Dansk undersøking av situasjonen ved små og mellomstore bedrifter

Fleire undersøkingar viser store samfunnsøkonomiske gevinstar ved å betre tilgangen til forskingsresultat. I ein rapport frå DEFF, Danmarks Elektroniske Forskningsbibliotek, (Houghton, Swan, & Brown, 2011) vart effekten av betre tilgang til forskingslitteratur på eit utval små og mellomstore bedrifter undersøkt. Resultatet viste at fleirtalet av dei tilsette i desse bedriftene hadde problem med å skaffe tilgang til forskingslitteraturen dei hadde bruk for. Tidsbruken aleine med å skaffe tilgang var i snitt 60 minutt per artikkel. Kostnaden ved tidsbruken og ulempene ved ikkje å få tilgang vart anslått til 540 millionar danske kroner.

Det er ikkje gjort ei tilsvarande undersøking av norske forhold, men det er ikkje urimeleg å anta at situasjonen her kan samanliknast med det ein fann i Danmark.

d. Jisc collections

Det britiske konsortieorganet, Jisc collections, vart etablert i 1993 og er eit ikkje-kommersielt føretak som forhandlar felles avtalar om digitale akademiske tidsskrift og databasar for institusjonar innan høgare utdanning og vidareutdanning. Dei legg også teknisk til rette for tilgang og bruk av vitskapelege e-ressursar ved universitet i Storbritannia.

Ein artikkel forfatta av bibliotektilsette ved nokre britiske universitet og Jisc collection (Taplin, Alderson, Franca, & Dale, 2017) dokumenterer utfordringane for brukarar som fell utanfor UH-organisasjonane sine primære målgrupper. Biblioteka har stadig oftare bedt Jisc om hjelp i dette arbeidet, og det er problematisk å forstå og få orden på avtalane. I artikkelen gir dei døme frå to konkrete felt: Korleis studentar på utveksling og korleis eit stort forskingsinstitutt innan helse må vurderast for å få tilgang.

Utfordingane vert samanlikna med å finne vegen gjennom ein labyrinth. Det er stort behov for å finne enklare, mindre tidkrevjande og bærekraftige løysingar, og det er på denne bakgrunnen Jisc, saman med representantar frå biblioteksektoren og forlagsbransjen, har utvikla beslutningsverktøyet *Jisc collections decision tool*⁵. Jisc har arbeidd for å få avklart kva rettar såkalla «additional users» har. Dette verktøyet kan hjelpe institusjonane med å få fram all relevant informasjon for å avklare om studentar ved partnarorganisasjonar har rett til å få tilgang til biblioteket sine e-ressursar.

Jisc gjer det elles klart at eigarforhold mellom institusjonane viser seg å vera avgjerande. To sjølvstendige institusjonar kan ikkje dele lisensavtalar.

e. FinELib

Unit har vore i kontakt med konsortieadministratorar i andre land for å høyre om dei har røynsler med tilgang for små institusjonar, men berre Finland ser ut til å vere i gang med liknande arbeid. FinELib, som er dei finske konsortieadministratorane, starta eit prosjekt i 2017 der dei ønskte å sjå om det er mogleg å få mindre institusjonar inn som ein del av lisensen til ein større institusjon, i form av delte lisensar. Arbeidet har ikkje ført til resultat; med unntak av ein aggregator⁶ har forlaga avvist førespurnaden fordi ein slik delt lisens vil føre til manglande inntening for dei. Det er i tråd med Jisc sine røynsler ovanfor. FinELib konkluderer med at resultata så langt har vore svært därlege, òg når ein tar omsyn til tidsbruken. Det er likevel beslutta at FinELib skal halde fram med prosjektet minst eitt år til.

7. Instituttsektoren

I vårt prosjekt har vi konsentrert oss om å sjå på situasjonen for dei små forskingsinstitutta, og i dette kapitlet gir vi difor ein kort presentasjon av korleis sektoren ser ut.

Eit forskingsinstitutt er ein frittståande institusjon utanfor universitet- og høgskulesektoren. Dei kan vera private eller offentlege. I Norge utfører instituttsektoren om lag ein fjerdedel av all forsking og utvikling⁷. Dette er likevel ein nedgang frå tidlegare.

Sektoren er stor samanlikna med andre land, samstundes er den heterogen i høve til storleik, oppgåver, finansiering og eigarstruktur. Instituttsektoren har fått kritiske merknader fordi dei er for små, spreidde og samarbeider for lite⁸. Det overordna målet for forskingsinstitutta er å tilby anvendt forsking av høg kvalitet og relevans for næringsliv, forvaltning og samfunnet elles.

Det er 48 institutt som mottek statleg basisfinansiering forvalta av Norges forskningsråd (NFR). Institutta er sjølvstendige einingar med relativt låge basisløyvingar som er avhengig av å kunne konkurrere om oppdragsmidlar.⁹ Dei 48 institutta er delt tematisk i fire grupper; teknisk-industrielle, primærnæring, miljø og samfunnsvitskapelege institutt.

I vår prosjektperiode ser vi at det er i ferd med å skje - og har skjedd - ein del strukturelle endringar i sektoren. Mellom anna har fire institutt; Nova, AFI, NIBR og Sifo, fusjonert med OsloMet -

⁵ <https://www.jisc-collections.ac.uk/Support/Services-and-tools1/decision-tool/>

⁶ Leverandør som kjøper innhald frå ulike forlag og utgivarar.

⁷ <https://www.forskningsradet.no/no/Artikkelen/Instituttsektoren/1182736870389>

⁸ https://www.forskningsradet.no/no/Nyheter/For mange sma regionale forskningsinstitutter/1253981973724/p1174467583739?WT.ac=forseite_nyhet

⁹ <https://www.nifu.no/news/forskning-og-utviklingsarbeid-2016-fortsatt-vekst-i-norges-fou-innslats/>

storbyuniversitetet i perioden 2014-16.¹⁰ Det same har skjedd med Østlandsforskning som er blitt ein del av Høgskolen i Innlandet frå 1. juli 2018.¹¹

På Sør-Vestlandet er eit stort institutt, NORCE, etablert frå 2018. Her har Uni Research AS og Christian Michelsen Research AS, International Research Institute of Stavanger AS og Sørlandets Agderforskning AS og Teknova AS gått saman. Selskapet vil ha over 900 tilsette og passerer 1 milliard i omsetnad.¹²

I november 2018 gjennomførte Norges forskningsråd høyringsprosess av ein rapport som samanfattar evalueringar for dei 4 ulike arenaene. Her er forslag til kva anbefalingar NFR skal gi statlege styresmakter. Eit viktig moment i vår samanheng er at NFR foreslår auka krav til storleik på institutta som skal motta basisløyingar, frå 20 til 40 forskarårsverk.¹³

Dei samfunnsvitskapelege institutta som vi har vore mest opptekne av i vårt prosjekt, er spreidd over heile landet. Offentleg sektor er deira viktigaste oppdragsgjevar. Dei har ei sterk forankring til regionen dei er lokalisert i. Det er tilfelle med dei institutta vi har sett spesielt på: Vestlandsforskning, Nordlandsforskning og Telemarksforskning.

Eigarforholda i instituttsektoren er ulike. Nokre er organisert som stiftelsar medan andre er aksjeselskap med universitet eller høgskule som majoritetseigarar. Eigarforhold syner seg også å vera viktig for prissettinga hjå forlaga. Det at ein «vertsinstitusjon» har store eigarandelar kan gi fordelar for institutta samanlikna med eit institutt som er autonomt eller organisert som sjølvstendig stiftelse.

I følgje Ingunn Stangeby i Norges forskningsråd var 25 av 51 institutt organisert som stiftelsar i 2016, 5 var statlege forvaltningsorgan og 21 var aksjeselskap.

I 2017 publiserte Forskningsrådet ein evalueringsrapport (Research Council of Norway, 2017) som omhandlar dei samfunnsvitskapelege institutta.

Divisjonsdirektør Anders Hanneborg i Forskningsrådet uttalte på nettsidene til NFR i samband med offentleggjering av denne rapporten: «Ein hovudkonklusjon er at institutta er ein stor nasjonal verdi – dei står for viktige bidrag til politisk og sosial utvikling innanfor mange tema. Dei fungerer som svært viktige forum for utveksling mellom forsking og praksis innanfor politikkutforming.»¹⁴

I hovudrapporten vert samstundes manglande infrastruktur for ein del av institutta når det gjeld bibliotek og tilgang til digitale vitskapelege ressursar påpeikt (Research Council of Norway, 2017) s.3: «The growing importance of access to libraries and databases is problematic for the institutes, which are small organisations with little money to pay for such overheads. They need a solution that does not impede their ability to access research literature.”

Rapporten peikar også på at autonomien til institutta medfører eit problem som vert stadig viktigare i konteksten «akademifisering». Institutta kan mellom anna vanskeleg ha råd til gode nok

¹⁰ <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning>

¹¹ <https://www.inn.no/om-hoegskolen/nyheter/oestlandsforskning-inn-i-hoegskolen-i-innlandet>

¹² <https://www.norceresearch.no/om-oss>

¹³

https://www.forskningsradet.no/no/Nyheter/Horing_om_anbefalinger_for_instituttpolitikken/1254037912963/p1174467583739?WT.ac=forseite_nyhet

¹⁴

https://www.forskningsradet.no/no/Nyheter/Dei_samfunnsvitskapelege_forskinsinstitutta_er_ein_stor_verdi_for_Noreg/1254024956502?lang=no

bibliotekfasilitetar og tilgang til databasar. I det lange løp er det tenkeleg at dette delvis kan bli retta opp av utviklinga mot open tilgang (open access). I mellomtida vil eit system med mange små, sjølvstendige institutt måtte kjempe for å kunne betale kostnadene for tilfredsstillande tilgang til tidsskrift.

8. Publiseringslandskapet i dag

a. Marknaden

Vitskapeleg publisering er internasjonal, dominert av store mediehus som ofte har svært høg profitt på produkta sine, og ressursane er tilgjengelege for dei som kan betale. I praksis betyr det store forskingsinstitusjonar i den vestlege verda. Ved overgangen frå trykte til digitale tidsskrift, steig tidsskriftprisane kraftig, og tidsskrifta vart selt samla i store pakkar, «big deals». I dag har akademiske bibliotek over heile verda problem med å skaffe relevant litteratur. Dei største internasjonale forлага er i ein monopolituasjon og har store og stadig aukande overskot. Til dømes hadde den største utgivaren, Elsevier, eit driftsoverskot på over ni milliardar kroner i 2016¹⁵.

Det særmerkte ved marknaden vart allereie i 2006 godt beskrive i ein rapport med den talande tittelen *Danser med ulver*¹⁶ (Sundby, 2006). Her vert prisen karakterisert som *uelastisk*, fordi kjøppunktet, biblioteket, ikkje er det same som brukpunktet, forskaren: «Brukeren oppdager ikke hva varen koster, eller bryr seg ikke noe særlig. Dette betyr at etterspørsla er den samme uansett pris og prisen er derfor uelastisk» (s. 20). Forskaren har ofte studert ved ein større UH-institusjon og har vorte van med å ha god tilgang frå sin eigen PC. Overgangen til ein mindre institusjon som abонnerer på færre tidsskrift kan difor vere krevjande.

Underdirektør Håvard Kolle Riis, med ansvar for digitale tenester ved Universitetsbiblioteket i Oslo, uttalte i eit intervju med Forskerforum i 2017 (Svarstad, 2017b) at modellen er ute av kontroll: «Kostnadsøkningen, markedsmakten og den monopolaktige posisjonen til forlagene må man gjøre noe med». Han fortel i dette intervjuet at Universitet i Oslo brukte 63 millionar norske kroner på digitale ressursar i 2016. Dette utgjorde nærmare 70 % av UiO sitt totale mediebudsjett.

Norske institusjonar betaler per i dag meir enn 330 millionar kroner årleg til utgivarane for lesetilgang til vitskapelege artiklar, også artiklar publisert av forskarar ved offentleg finansierte norske institusjonar. Dei siste 15 åra har det vakse fram eit krav om at offentleg finansiert forsking bør vera fritt tilgjengeleg for alle.

Regjeringa fastsette i august 2017 *Nasjonale mål og retningslinjer for åpen tilgang til vitenskapelige artikler* (Kunnskapsdepartementet, 2017) der målet er at alle vitskapelege artiklar, finansiert av offentlege midlar her i landet, skal ha open tilgang innan 2024. Det heiter vidare at ein skal «bidra til videreutvikling av nye og bærekraftige modeller for finansiering av åpen publisering nasjonalt og internasjonalt».

I samband med kunngjeringa av retningslinene uttalte dåverande statssekretær Bjørn Haugstad i intervju med Forskerforum: «Jeg har tidligere kalt det internasjonale markedet for et pverst

¹⁵ <https://www.forskerforum.no/tyskland-har-fatt-nok-setter-foten-ned-for-verdens-storste-forlag/>

¹⁶ Even Flood: «"Danser med ulver" var tittelen ABM-U hadde gitt møtet de arrangerte om konsortieavtaler. Ulvene er her de store forleggerne vi forhandler med, og dansepartnerne er vi som forhandler frem og går med på avtalene. Forhåpentlig med alle tær i behold når dansen er over, men ulvene har store føtter».

<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/273195>

fungerende marked. Det er fordi profitten er så vanvittig høy for enkelte av disse forlagene. Det skyldes at man utnytter en urimelig markedsmakt» (Svarstad, 2017a).

Den finske professoren i informasjonsbehandling, Bo-Christer Björk, skriv om korleis forlaga si marknadsmakt har utvikla seg ved oppkjøp av mindre forlag og sal via «big deals» (Björk, 2017). Han peikar her på kva for faktorar det er som gjer at desse store forlaga har klart å oppretthalde sin marknadsposisjon medan andre delar av mediebransjen har slitt og vore gjennom grunnleggande endringar etter at internett kom. Sjølv om forlaga no leverer digitalt, er det akkurat dei same forleggarane som dominerer, og marknaden er prega av mangel på konkurransen. Kvifor har ikkje open tilgang blitt den rådande forretningsmodellen, spør han. Denne delen av forlagsbransjen har omstilt seg og introdusert «big deals» som femner om abonnement av store tidsskriftpakkar i tillegg til hybrid- og open access-tidsskrift der forfattarane betalar for at forskinga deira skal bli ope tilgjengeleg. Open tilgang klarar ikkje å rokke ved dei enorme overskota hjå dei multinasjonale tidsskriftleverandørane. Det har altså vore ei risikofri omstilling for desse aktørane, meiner Björk. Eit moment som også bidreg til status quo er at forfattarane ønskjer å publisere i dei tidsskrifta som tradisjonelt har vore rangert høgast gjennom kriteria som til dømes impact factor¹⁷.

I september 2018 vart «Plan S»¹⁸ lansert. Han slår fast at alle resultat av forsking finansiert av nasjonale og europeiske forskingsråd skal vere publisert i opne tidsskrift eller på opne plattformer frå 1. januar 2020. Krava til openheit i «Plan S» går såleis enda lenger enn dei nasjonale retningslinene for open tilgang til vitskaplege artiklar, og prosessen vil difor bli framskunda. Kravet om full openheit til forskingsressursar innan 2020 har av mange vorte sett på som for ambisiøst. Når ein så stor del av Europas forskingsfinansiørar stiller dette som krav, aukar likevel sjansen for at EUs mål kan bli realisert.

b. Kan open tilgang endre forretningsmodellen?

Gjennom retningslinene for open tilgang blir norske forskrarar oppmoda om å publisere arbeida sine i institusjonelle arkiv. Store institusjonar har eigne arkiv (eksempelvis DUO ved UiO), mindre institusjonar brukar i mange tilfelle BIBSYS Brage. NORA¹⁹ haustar frå institusjonsarkiva. Målsettinga er på sikt å etablere eit felles nasjonalt arkiv (Kunnskapsdepartementet, 2016). Det er òg viktig å merke seg at det blir stilt krav til forskrarar om å publisere med open tilgang: Både Norges forskningsråd og EU krev at publikasjonar som rapporterer forskingsresultat finansiert av dei, skal publiserast i opne kanalar.

I 2015 vart initiativet OA2020 lansert. Her vart forskingsinstitusjonar frå mange land samde om eit felles mål for å fremje open access-publisering²⁰. Mellom anna har dei største norske universiteta slutta seg til dette initiativet. Her er internasjonal semje om å arbeide for å endre det etablerte publiseringssystemet og erstatte abonnementsmodellen med nye modellar.

Ei gruppe amerikanske forskrarar (Piwowar et al., 2018) har med utgangspunkt i ulike databasar analysert kva omfang og kva gjennomslag open access-artiklar har. Dei kom til at eit snitt på 28 % av artiklane var ope tilgjengelege. Andelen er aukande, slik at dess nyare artikkelen dess større sjanse for

¹⁷ <http://www.phdontrack.net/evaluation-and-ranking/citation-impact/>

¹⁸ <https://www.scienceeurope.org/coalition-s/>

¹⁹ <http://nora.openaccess.no/>

²⁰ <https://oa2020.org/>

at det er ein open publikasjon. Dei dokumenterer også at slike artiklar får i snitt 18 % fleire siteringar enn dei som er publisert bak betalingsmurar.

Også i Norge vert det no arbeidd for å snu betalingsstraumen frå å betale for abonnement og lesing til at forfattarane betalar for publisering av sine artiklar. Ei grunngjeving for dette er også at mange forskrarar bidreg redaksjonelt i tidsskrifta som redaktørar og fagfellar med sine offentleg finansierte forfattarskap.

c. Norske, opne tidsskrift innan humaniora og samfunnsvitskap

Frå 2017 er eit utval sentrale norskspråklege tidsskrift innan humaniora og samfunnsvitskap utgitt med open tilgang. Mange av desse tidsskrifta har fått støtte frå Norges forskingsråd til publisering av papirutgåve i ei årrekke, og ein føresetnad for at dei skal få støtte i framtida er at innhaldet i publikasjonen fritt kan lesast, søkast i og distribuerast til ikkje-kommersiell bruk. Publikasjonen skal òg vere indeksert i Directory of Open Access Journals (DOAJ). Frå 2018 til 2021 blir ordninga administrert av Unit. Ein fagleg publiseringsskomite har valt ut tidsskrifta som skal få støtte for denne treårsperioden²¹. Tidsskrifta som er med i ordninga er i dei fleste høve vel etablerte, ofte med lang fartstid som sentrale kanalar i den offentlege debatten, og med ei tydeleg rolle som fagleg offentlegheitsarena.

Tidsskrifta får støtte frå Forskningsrådet og, som ei overgangsordning, frå Kunnskapsdepartementet. Universiteta i Oslo (UiO), Bergen, Trondheim og Tromsø støtter òg utgiving av tidsskrifta økonomisk, og departementet forventar at fleire institusjonar bidrar med ein sum basert på tidlegare abonnementsutgifter. Betalingsmodellen er altså ikkje basert på publisingsavgift eller APC (Article Processing Charge).

d. Andre tilhøve i dagens publiseringslandskap

Dei siste åra har det vakse fram forskarnettverk som til dømes ResearchGate og Academia. Her knyter forskrarar direkte kontakt med fagfellar og utvekslar forskingsresultat – noko som er ekstra verdifullt for fagmiljø utan biblioteknester.

Det er òg verd å merke seg at den kontroversielle og illegale nettstaden SciHub pr mars 2017 gav tilgang til heile 85 % av artiklar publiserte i abonnementstidsskrift (Himmelstein et al., 2018). I eit foredrag på UKSG²² karakteriserte direktør for Max Planck Library, Ralph Schimmer, SciHub som eit symptom på eit dysfunksjonelt og forfalle system; ein spegel av negative element og ikkje ein berar av ein positiv visjon for open tilgang. Sci Hub, seier han, er eit uttrykk for frustrasjon hjå brukaren som ikkje får tilgang til forskingslitteraturen ho treng²³.

²¹ Oversyn over tidsskrift som har fått støtte for perioden 2018-2020, og såleis er ope tilgjengelege, på <http://www.ceres.no/tjenester/laat/aktuelle-saker/2017/stotte-til-norske-apne-tidsskrift-innen-humaniora-.html>

²² <https://www.uksg.org/>

²³ <https://www.slideshare.net/UKSG/uksg-2018-plenary-just-how-open-are-we-schimmer>

Det er fleire initiativ som arbeider for at det skal vere enklare å finne fram til lovleg og fritt tilgjengeleg forskingslitteratur. Til dømes har det svenske Bibsam-konsortiet laga ein nyttig oversikt over korleis ein kan søke etter ope tilgjengelege artiklar²⁴.

e. Konsortia og UH-sektoren viser marknadsmakt

I fleire land har vi dei siste åra sett at forhandlingane hardnar til. Det er motstand mot det urimeleg høge prisnivået nokre av forlaga legg seg på: Våren 2018 har det franske konsortietteamet Couperin unnlatt å inngå avtale med SpringerNature. Forhandlingane stoppa opp i slutten av mars ifølgje Couperin sine nettsider²⁵. Couperin har registrert ein markant auke i open access-artiklar betalt av forfattarane medan dette ikkje har gitt utslag på prisnivået for abonnement.

Det vekkjer også oppsikt at tyske Deal²⁶ som forhandlar lisensavtalar for svært mange tyske universitet og forskingsinstitusjonar sa opp avtalen med Elsevier frå januar 2017 og pr oktober 2018 enno ikkje har inngått ny avtale. Dei har i etterkant fått støtte frå svært mange forskrarar som har trekt seg frå sine redaksjonsoppdrag i Elsevier sine tidsskrift. Deira konsortiesamarbeid starta i 2013 som resultat av eit rektermøte (Mittermaier, 2017) med klare målsetjingar om å fremje open tilgang til tysk forsking. I følgje ein artikkel i Times Higher Education (Matthews, 2018) har dei aller fleste UH-institusjonane framleis tilgang - truleg fordi forlaget ikkje kan vedkjenne seg å stå utanfor akademia i Tyskland.

I mai 2018 sa dei svenske forskingsbiblioteka under Bibsamkonsortiet opp sine avtalar med Elsevier²⁷. Bibsam organiserer 85 institusjonar. Astrid Söderbergh Widding som leiar styringsgruppa i Bibsam uttalte til Kungliga biblioteket 16.5.18: «Vi måste ta kontrollen över de totala publiceringskostnaderna eftersom vi ser en tendens mot snabbt ökande kostnader för både läsning och publicering. Det nuvarande systemet för vetenskaplig kommunikation måste förändras. Vår enda möjlighet att uppnå detta är att inte förnya avtal som inte lever upp till kraven på en hållbar omvandling till öppen tillgång».

I Norge forhandlar Unit med nærmere førti leverandørar, av dei er fire av dei fem største internasjonale forlaga innan akademisk publisering; Elsevier, Wiley, Taylor & Francis og SpringerNature. I forhandlingane med dei akademiske utgivarane blir det mellom anna lagt vekt på²⁸:

- Artiklar med korresponderande forfattarar frå Norge skal vera ope tilgjengeleg ved publiseringstidspunktet
- Open publisering skal ikkje auke totalkostnadene i avtalane
- Full openheit i lisensvilkår, kostnader og forretningsmodellar
- Permanent tilgang til innhald publisert i abonnementstidsskrift
- Det skal visast rørsle mot avtalar der kostnadar er knytt til volum på norske institusjonars publisering.

²⁴ <https://openaccess.blogg.kb.se/sok-etter-oppna-artiklar/>

²⁵ <https://www.couperin.org/breves/1333-couperin-ne-renouvelle-pas-l-accord-national-passe-avec-springer>

²⁶ <https://www.projekt-deal.de/informationen/>

²⁷ https://www.mynewsdesk.com/se/kungliga_biblioteket/pressreleases/sverige-tar-staellning-foer-oeppen-tillgaang-avtalet-med-elsevier-saegs-upp-2508297

²⁸ <https://www.openaccess.no/forhandlinger-om-apen-tilgang.html>

Unit har fått støtte og klar forventning frå Universitets- og høgskolerådet (UHR) om at forhandlingane blir gjennomført i tråd med desse prinsippa. Om ein ikkje kjem til semje med dei største forlaga, uttalar Nina Karlstrøm i Unit til Klassekampen (Martincic, 2018) at ein må revurdere om ein skal halde fram med dagens abonnementsavtalar.

9. Lisensavtalar via Unit

a. Kven arbeider Unit for?

Unit forhandlar og administrerer konsortieavtalar for elektroniske forskingsressursar med utgivarar på vegner av 177 UH-, institutt- og helseinstitusjonar samt enkelte folke- og fylkesbibliotek.

Hovudtyngda er UH-sektoren, der universiteta i Oslo (UiO), Trondheim, Bergen og Tromsø åleine betaler for tre fjerdedelar av den totale avtaleverdien. Difor er i stor grad dei største institusjonane premissleverandørar for kva som blir lagt vekt på i utval, administrasjon og forhandling av avtalar.

For å kunne vere konsortiedeltakar, er rammene frå Unit at

- institusjonen er ein offentleg finansiert eller ikkje-kommersiell aktør
- institusjonen er retta mot forsking
- institusjonen har eige bibliotek og kompetanse på databaseadministrasjon

Desse rammene er naudsynte fordi Unit sjølv er offentleg finansiert og ikkje kan ta oppdrag for næringslivet. Prisane på ressursane er òg kalkulert ut frå at deltakarane ikkje er såkalla «corporate customers» det vil si kundar frå det private næringslivet. Vidare er Units samfunnsoppdrag retta mot forsking og studium, og difor er ressursane i avtalane stort sett forskingsressursar.

Sidan Unit ikkje driv biblioteknester, inneber dette at dei ikkje kan vere rådgjevarar for kva ressursar den enkelte institusjonen treng. Det er heller ikkje innanfor Units mandat som konsortieadministrator å lære opp i bruk av ressursen, eller administrere praktisk tilrettelegging som t.d. teknisk tilgang for institusjonen.

Unit sin kontakt med forlaga gjer at ein må vere upartisk og difor ikkje kan marknadsføre ressursane. Som følgje av dette vil ein difor i hovudsak kun ta omsyn til institusjonar som kjem med eit konkret behov for ein spesifikk ressurs.

b. Lisensavtalar

Generelt er alle avtalar for elektroniske ressursar regulerte av lisensar som seier kva ein kan og ikkje kan gjere med materialet ein abонnerer på. Det er viktig at konsortiedeltakarane er kjente med dei sentrale lisensvilkåra for den enkelte avtalen.

Avtalepartane er på eine sida dei deltagande institusjonane (licensees, members) og på andre sida leverandøren (publisher). I tilfelle der Unit representerer institusjonane gjennom konsortieavtalar, forhandlar Unit om lisensvilkår (som gjeld pris og kva ein har høve til å gjere med ressursen) og signerer avtalen.

Som oftast finn ein informasjon om kven som lovleg kan bruke ressursen under «Authorized users» i avtaleteksten. Standardformularet er at dei som har rett til å bruke materialet er forskrarar og studentar, andre tilsette samt besökande til biblioteket gjennom walk-in use.

For små institusjonar med avgrensa tilgang til forskingsressursar, er ei vanleg løysing å vende seg til ein større institusjon som har abonnement. Ofte kan ein da få dekt litteraturbehovet viss lisensen for materialet ein ønskjer tilgang til er open for walk-in use. Ein liten institusjon med eige bibliotek kan bestille via fjernlån. Desse avtalevilkåra er oppfylte i dei avtalene Unit administrerer. Walk-in use er aktuelt for brukarar som er lokalisert nær ein institusjon som abонnerer på ressursen.

Vanlegvis har forlaga sin eigen lisens som dei ønskjer brukt, og ofte er somme av avtalevilkåra i desse ikkje akseptable for dei deltagande institusjonane. Unit har difor utarbeidd ein **standardlisens** som er ønskt brukt i reforhandlingar av alle tidsskriftavtalar. Det er eit mål for Unit at ein på sikt får implementert så mange vilkår som mogleg frå denne lisensen – helst alle. Avtaleteksten byggjer på Jisc sin NESLI-lisens. Dette er ein standardlisens utvikla av det britiske konsortiet Jisc med avtalevilkår som er akseptable for dei fleste institusjonane. I denne samanhengen er punktet om *additional authorised users* viktig. I dagens lisensar er berre omgrepene *authorised users* brukt. Ein authorised user er som regel ein tilsett ved institusjonen, ein student eller ein brukar som nyttar walk-in use.

Unit sin føreslegne lisens definerer også additional authorised users: “means individuals who qualify as authorised users and can perform the same activities as Authorised Users under this Licence (subject to the payment of the Partner Fee) but for monetary purposes are not included in the Licence Fee. Additional Authorised Users are users at a Partner Organisation for which the Institution has agreed with the Publisher to pay the Partner Fee”.

Viss dette avtalevilkåret blir implementert i avtalar, vil det vere naudsynt med ein norsk versjon av Jisc sitt Decision tool: Det gjer UH-biblioteket i stand til å sjå om brukarane anten kan bli klassifiserte som ein del av hovedlisensen eller må bli klassifiserte som ein separat entitet.

c. Administrasjonsverktøy

Unit sitt arbeid med Nordlandsforskning (sjå vedlegg 1) viste at det er særskilt tidkrevjande å administrere avtalar der det er snakk om ein institusjon som er ein del av ein annan gjennom eigartilhøve. Da Unit tok i bruk sitt nye administrasjonsverktøy, ConsortiaManager (Edvarda) hausten 2017, var det difor eit ønske om å få på plass ein ekstra modul som var mynta på denne typen institusjonar. Men fordi det er stor variasjon i desse institusjonane, med omsyn til formelle tilhøve som sams eller ulike IP-adressar, juridiske einingar osv. på den eine sida og forlaga sine ønske for administrasjon og tilgang på den andre, er dette vanskeleg å få til.

Det er komplekse lisensvilkår og det vert kravd mykje av administrasjonsverktøyet – og administratoren – i å ta omsyn til alle særlege tilhøve. Per i dag finst det difor ingen tilfredsstillande løysing for å administrere deltakarar med fleire tilknytingar – i slike høve må konsortieadministratorane ty til manuelle system, hugselappar eller arkiverte opplysingar.

d. Prising av avtalar

Prisinga av Unit sine avtalar er ofte basert på institusjonen sitt FTE-tal, fulltidsekvivalentar, altså kor mange brukarar det er ved institusjonen. Det vil ofte variere frå avtale til avtale korleis FTE skal rekna, og det vil også variere frå sektor til sektor kva for type FTE som skal leggjast til grunn for prisen. I nokre tilfelle, særleg ved tidsskriftpakkar, er prisen også basert på kva for abonnement institusjonen hadde på det tidspunktet han gjekk inn i konsortieavtalen.

Ein konsortieavtale gjeld vanlegvis tilgang til alle – eller nesten alle – tidsskrift som eit forlag gir ut, ofte definert i ulike pakkar. Ein institusjon som melder seg inn i ein konsortieavtale abonnerer gjerne på eit utval med enkelttitlar frå før hjå utgivaren. Denne samlinga med abonnement av enkelttitlar, vert omtalt som kjernetitlar, «core subscriptions» eller «core holdings». For å få tilgang til pakkane som inngår i ein konsortieavtale, set utgivaren ofte krav til institusjonen om at desse enkeltabonnementa må vidareførast.

I tidsskriftavtalar der det er eigen avgift for kjernetitlar vil da avgifta for deltaking i konsortieavtalen dele seg i to:

- avgift for enkeltabonnementa som blir vidareført ("core subs fee")
- avgift for å få tilgang til alle titlane som finst i pakken ("top up fee")

Enkelte av avtalane har prising berre basert på FTE, men i dei fleste tilfelle, særleg når det er snakk om institusjonen sine eksisterande abonnement, må ein vende seg til forlaget for å få dei til å rekne ut pris når det er prisførespurnad frå ein institusjon som vurderer å melde seg inn i avtalen.

Prising for små institusjonar

Unit nemner i alle reforhandlinger at det er ønskeleg med ein prismodell som er tilpassa norske forskingsinstitusjonar - altså med einingar med ned mot 1-15 forskrarar. Viljen hjå utgivaren til å sjå på dette er i stor grad avhengig av om det er eit bekrefta behov i marknaden. Eit døme er reforhandlingane med Elsevier Scopus, der utgivaren har gått med på å sjå på ny prisstruktur for ressursen etter å ha fått dokumentert at Vestlandsforskning og Telemarksforskning begge har spurt om pris, men takka nei fordi dei opplevde prisen som for høg. Lågaste pris for denne ressursen er på opp til 750 brukarar.

Unit har ei eiga prismatrise som utgivarane vert oppmoda om å bruke²⁹. Ho tar omsyn til norske tilhøve med etter måten mange små forskingsinstitusjonar. For forskingsinstitutt er det foreslått prisspenn der dei lengste er for 1-15, 16-30 og 31-60 forskrarar. Ein del av utgivarane har tatt denne matrisa i bruk, men det gjeld primært for ressursar som ikkje er tidsskriftbasar. Dette er altså fordi prisane for tidsskrift ofte er ei samanrekning av core subs og top up fee i tillegg til tal på brukarar, som nemnt ovanfor, og difor ikkje utelukkande matriseprisar.

Mange av utgivarane har òg sin eigen policy i prissettinga der dei til dømes vil ta omsyn til kor mykje det blir forska ved institusjonen eller kor mykje ressursen blir brukt. Slike prisar har sjølv sagt den ulempa at dei er lite transparente. I tillegg kan forлага sine prisar vere baserte på internasjonale tilhøve, utan tilstrekkeleg prisstruktur for heilt små institusjonar.

Hovudtyngda av deltakarar i konsortieavtalane er UH-institusjonar, og desse er så store at det finst eit system for prising som dekkjer dei. Sidan det er desse institusjonane som betaler mest, er det ikkje urimeleg at utgivaren fokuserer på dei. Problemet er ofte at dei mindre blir gløymt, da det ikkje er mykje å tene for utgivaren på ein liten institusjon. Desse momenta gjer at det ofte er vanskeleg å argumentere for at det trengst god, transparent prising for heilt små institusjonar.

e. Passar Unit sine avtalar for små institutt?

Som nemnt under punkt 9a vil dei største universiteta vere ein viktig premissleverandør for korleis utval og forhandlingar av avtalane skal gå føre seg. Dette er sjølv sagt fordi desse institusjonane

²⁹ http://www.ceres.no/tjenester/laat/english/For%20publishers/prisstruktur_eng.html

betalar mest for avtalane, og fordi leiarsjiktet i dei største institusjonane er involverte i forhandlingane. I tillegg er avtalane internasjonale og ofte tilbyr leverandørane dei same tidsskriftpakkane i fleire land. Og sidan dei fleste land er større enn Norge, er pakkane dimensjonerte stort.

For å vise dette ved eit døme, kan vi sjå på Elseviers Science Direct Freedom Collection (SD FC). Både i volum og pris er dette den største avtalen Unit forhandlar, og den har det same innhaldet i fleire land. Dei fire universiteta UiO, NTNU, UiB og UiT betalte i 2017 samla rundt 60,6 millionar kroner for denne pakken (utan mva). Når prisen er så høg, er det fordi marknaden er særmerkt av uelastisk prisstruktur, som omtalt i punkt 8a, men prisen er også høg fordi dette er ei særsmakta pakke der ein får tilgang til om lag 2300 tidsskrift.

Det vil vere vanskeleg å arbeide for lågare pris for små institusjonar for ein slik pakke, og det har fleire grunnar: Utgivaren vil argumentere for at dette er ein svært omfattande ressurs, som også er særmerkt ved høg vitskapleg standard. Dei vil neppe sjå på berekraftige prisar for små institusjonar viss det ikkje er eit dokumentert behov hjå fleire aktørar. Unit på si side vil generelt ønske at det er mest mogleg rettferd i konsortiet som heilskap. Når store institusjonar betalar ein svært høg pris, kan det bli opplevd som ikkje rettferdig dersom små institusjonar får same produktet uforholdsmessig billig med grunngjevinga om at dei er små.

Så vil det jo vere slik at ein liten institusjon vil bruke ein forsvinnande liten del av innhaldet i ei pakke som SD FC. Ein kan tenke seg at det vil vere meir gunstig om ein liten institusjon baserer seg på andre løysingar for å få tilgang til innhaldet i pakka, anten ved kjøp av enkeltartiklar eller betaling for nedlastingar i ettertid. Walk-in use er eit godt alternativ for dei som er lokalisert nær eit UH-bibliotek.

Dette er ei problemstilling som i større eller mindre grad vil gjelde dei største tidsskriftpakkane. Men ikkje alle avtalar er bygd opp på denne måten. For å gjere det mogleg for små institusjonar å delta i avtalar, meiner Unit at mindre, emnebaserte pakkar er å føretrekkje, og forsøker å arbeide fram denne løysinga. Slike pakker vert tilbydt, men ikkje via dei aller største utgivarane.

10. Døme på løysingar for forskarar på tvers

a. Institutt med eigne bibliotek og avtalar hjå Unit

Hovudtyngda av deltakarane i avtalar Unit administrerer er institusjonar i UH-sektoren, men 34 forskingsinstitutt deltar i 27 av 39 avtalar. Det ligg ikkje føre ein definisjon på kva for storleik som gjer ein institusjon til ein typisk «På tvers»-institusjon, men som eit utgangspunkt kan ein si at 7 av dei 34 institutta har ein FTE på under 50, og kan difor karakteriserast som små. Dei fleste av forskingsinstitutta er langt større, med FTE opp mot 1300, og har vanlegvis ein annan ressurssituasjon, både når det gjeld økonomi og bemanning.

Vedlegg 3 gir eit oversyn over kva avtalar dei enkelte forskingsinstitutta deltar i, sortert etter kor mange institutt som deltar i den enkelte avtalen. Dette oversynet gir også ein kort presentasjon av innhaldet i avtalane og prisstruktur.

b. Institusjonar knytt til bibliotek ved universitet eller høgskule

Vi vil her peike på løysingar som er etablert for nokre institusjonar. Norut er også eit døme på dette, omtalt i kapittel 6a.

i. Nordlandsforskning (NF)

Instituttet hadde ikkje lenger høve til å delta gjennom Nord universitet (NU) sine avtalar, og frå 2016 vart det arbeidd for å forhandle instituttet inn i avtalene deira som eiga juridisk eining. Som nemnt er NF majoritetseigd av Nord universitet, og universitetet sitt bibliotek har vore til hjelp i val av og administrasjon av avtalane. Det viste seg å bli ein del utfordringar i dette arbeidet.

Iselin Marstrander som er administrerande direktør i Nordlandsforskning har i samtale med prosjektgruppa formidla sine erfaringar i dette arbeidet. Forskarane hadde vorte vane med god tilgang og gav uttrykk for at det er umogleg å forske utan god tilgang til forskingslitteratur. Instituttet arbeidde difor først med å forankre på leiarnivå at NU-biblioteket skulle yte tenester for å få til avtalar for NF. Etter at dette var i orden, seier Marstrander at dei har fått svært god hjelp av biblioteket og Unit med å forstå avtalane og korleis inngå dei. NF har ikkje eige bibliotek, dei kunne lite om lisensavtalar, og dei har mått lære undervegs.

Generelt synes NF at lisensavtalane har vorte dyre. Marstrander anslår at dei i 2018 betalar om lag 350 000 NOK totalt for forskingsressursane dei har tilgang til; då er nokre mindre abonnement, utanom konsortieavtalar gjennom Unit, medrekna.

Det viste seg å vera vanskeleg å velje kva for databasar NF skulle teikne avtalar om. Det vart gjort spørjeundersøkingar om behova hjå forskarane, men få hadde eit bevisst forhold til kva for forlag eller databasar dei brukte når dei søkte etter litteratur. Statistikk for bruken deira var ikkje tilgjengeleg fordi han i mange høve ikkje kunne skiljast frå NU sin bruk. Dei hadde difor fleire rundar med forskarane og dei tillitsvalde før dei bestemte seg.

Marstrander hadde eit noko usikkert kunnskapsgrunnlag å gå ut frå ved val av databasar, og første året skulle vere ein test på kor godt dei trefte med dei inngåtte avtalane. Forskarane har fått dei avtalane som dei bad om, men Marstrander er framleis usikker på bruken av dei. Ho meiner dei truleg har for mange enn for få avtalar, og ho arbeider med å få betre oversyn over bruken av dei einskilde ressursane.

Om det er enkeltartiklar dei ikkje har tilgang til, vert desse kjøpt separat. Slike kjøp skjer ikkje i stor skala og vert opplevd som uproblematisk.

Marstrander meiner at deira løysing er berekraftig i den forstand at desse tilgangane er avgjerande for at NF skal kunne gjera jobben sin. Det er viktig at dei også i framtida har høve til å bruke NU sin bibliotekkompetanse, men det hadde vore særstilt nyttig med betre oversyn over bruken. Det har dei ikkje i dei tilfella dei er ein del av NU sin lisens. Om avtalane blir vurdert som dyre, er dei likevel avgjerande for at forskarane skal kunne gjere jobben sin, og dei blir såleis rekna som ein sjølvsagt del av driftsbudsjettet. Marstrander er fornøgd med modellen, men understrekar altså at det har vore, og er, heilt nødvendig framleis å vere knytt opp mot bibliotektenestene til NU.

Frå biblioteket si side er røyndlene med prosessen også positiv, men dei gir uttrykk for at arbeidet vart svært tidkrevjande. Dei oppsummerer dette i e-post (18. juni 2018):

Kommunikasjonen har blitt opplevd som god både inn mot Ceres og NF, god dialog og samarbeid. Det var velvillighet fra alle parter, men det var mye frem og tilbake i

kartleggingsfasen, noe som var tid- og arbeidskrevende. Avtalene utenfor konsortiet måtte vi naturlig nok ta hele prosessen på selv, og forhandle med leverandører, noe som ga merarbeid for oss. Vi var avhengige av at Ceres håndterte kontakten mot leverandørene i stor grad – vi ser at vi ikke ville hatt kapasitet til å gjennomføre prosessen alene.

Nord jobber med å ferdigstille en avtale med NF. Det er styrebehandlet en avtale om hovedsamarbeidet, og det skal utarbeides en tilleggsavtale for samarbeidet rundt bibliotekjenestene.

Økonomisk anser vi det ikke som bærekraftig, da arbeidet som måtte legges ned for å få avtalene i orden er kostnader som så langt ikke kommer frem. Vi har ikke kartlagt tidsbruken på prosjektet. Daglig drift er bærekraftig gjennom at vi har fått flyttet majoriteten av fakturahåndteringen til å gå direkte mellom NF og Ceres, og at det ikke foreløpig er stor etterspørsel etter støttetjenester eller endring av abonnement hos NF.

Unit har skrive om sine erfaringar med arbeidet og samarbeidsprosessen i eit notat som ligg som vedlegg 1. Generelt peiker notatet på at frå Unit si side vart arbeidet særskrivjande. Ressurssituasjonen, arbeidsform og arbeidsverktøy hjå Unit samt dei fleste forlaga si manglande forståing og interesse for problemstillinga, gjer at dette ikkje er ei berekraftig løysing. Unit understrekar at samarbeidet med NF og NU heile tida var tett og godt, noko som var avgjerande for at dette i det heile lot seg gjennomføre.

ii. Vestlandsforsking

Vestlandsforsking ligg vegg i vegg med Høgskulen på Vestlandet sitt bibliotek i Sogndal. Når det gjeld bibliotektenester, har forskarane brukt walk-in access fram til 2018. Frå 2018 deltek dei i to konsortieavtalar via Unit for tidsskriftpakkar frå relativt store forlag. Fordi instituttet er ein sjølvstendig stiftelse, må det koste databasane fullt ut sjølv.

Ein samarbeidsavtale (vedlegg 2) frå 01.01.18 omfattar ein 10% stillingsressurs til administrasjon og statistikk frå databasen i tillegg til brukarstøtte (sjå kapittel 11b) og fjernlån.

iii. Telemarksforsking

Telemarksforsking hadde intensjon om å delta i konsortieavtalar via Unit. Dei fekk prisar for sju forskjellige ressursar, men fann at alle var for dyre.

Instituttet har ein avtale med Høgskolen i Telemark, no Universitetet i Sørøst-Noreg, som førebels ikkje har blitt erstatta. Direktør Karl Gunnar Sanda ønskjer seg ei felles løysing for instituttsektoren slik det var tatt til orde for på møtet i januar 2018.

iv. Andre ordningar

Helse Fonna og Høgskulen på Vestlandet / Biblioteket i Haugesund har hatt avtale om levering av bibliotektenester frå 2010. Det omfattar fjernlån og forskarstøtte. Sjukehuset i Haugesund ligg vegg i vegg med høgskulen. Helse Fonna har nokre få databaselisensar sjølv.

Ved OsloMet - storbyuniversitetet har fire forskingsinstitutt som tidlegare har vore sjølvstendige, no fusjonert og blitt ein del av universitetet³⁰. Dei får dermed også dekt sitt behov for litteratur og biblioteknester på line med andre tilsette ved institusjonen.

c. Einskildforskarar i offentleg sektor

På tvers III har i mindre grad arbeidd med problemstillinga som gjeld einskildforskarar i offentleg sektor og deira behov for forskingslitteratur, men på bakgrunn av røynslene vi har gjort freistar vi her å oppsummere korleis forskaren kan gå fram for å skaffe litteratur:

Arbeider forskaren nær ein større offentleg forskingsinstitusjon med bibliotek, vil han kunne få tilgang ved å oppsøke biblioteket og laste ned det han treng viss institusjonen har abonnement på ressursen. Dette vert kalla walk-in access i lisensane. Viss biblioteket ikkje har abonnement på det forskaren treng, er det mogeleg for eit bibliotek å fjernlåne ressursen frå eit anna bibliotek.

Utover deltaking i forskarnettverk og bruk av ressursar som er fritt tilgjengelege, må desse forskarane ofte dekkje informasjonsbehovet sitt ved kjøp av enkeltartiklar frå forлага.

Unit tilbyr ikkje løysingar for enkeltforskarar. Alle konsortieavtalane dekkjer heile institusjonen, og prisane vert rekna ut frå storleiken på institusjonen.

d. Prisstruktur for konsortieavtalar via Unit som passar for dei minste einingane. Kva løysingar finst?

Fordi utgivarane ikkje er ei homogen gruppe, er det vanskeleg å få dei til å samle seg om ein føreslegen modell som gjer det enklare og rimelegare for ein liten institusjon å inngå ei avtale. I alle avtalane Unit administrerer, har utgivarane blitt tilrådd å bruke Unit si prismatrise, som altså er finmaska nok til å ta med seg dei aller minste institusjonane. Berre nokre ganske få av utgivarane har gått med på å bruke denne: Overgang til anna prismatrise er tidkrevjande, og ikkje sjeldan har kvar utgivar sin eigen prispolitikk som dei ønskjer å bruke.

Heller ikkje dei minste einingane er ei homogen gruppe. I denne fasen av På tvers har vi støtta oss på røynslene med å få tre små forskingsinstitutt – Nordlandsforskning, Vestlandsforskning og Telemarksforskning – inn i avtalane dei ønskjer seg. Dette arbeidet og resultatet av det er beskrive ovanfor.

Generelt er det å si at Nordlandsforskning skil seg frå dei to andre ved at dette er ein institusjon som er majoritetseigd av ein større institusjon; Nord universitet. Da har det i somme høve vore mogleg å få forhandla inn institusjonen som ein del av den større institusjonen, altså utan tillegg i prisen. Dette er sjølv sagt ideelt, men det krev ein overordna strategi og ressursar til forhandlingar. I andre høve har forleggjaren tatt omsyn til at institusjonen er eiga juridisk eining, og har prisa institusjonen separat. Da har dei som oftast brukt ein pris i høve til institusjonar av same storleik.

Telemarksforskning og Vestlandsforskning er sjølvstendige stiftelsar, og det har såleis vore vanskeleg å argumentere for at desse institusjonane bør få vere med vederlagsfritt under ein større institusjon. Dei har difor fått prisar som er samanliknbare med andre institusjonar med same storleik. Dei blir rekna som sjølvstendige einingar, og er såleis å rekna som ordinære konsortiedeltakrarar. Både

³⁰ <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning>

Telemarksforskning og Vestlandsforskning fekk prisar på sju ressursar via Unit. Vestlandsforskning takka ja til å delta i to avtalar som separat institusjon, og avtaleforholdet er administrert av Høgskulen på Vestlandet. Telemarksforskning på si side fann at alle tilboda var for dyre, og deltek difor ikkje i nokon avtalar.

I punkt 10.a såg vi at det er nokre små forskingsinstitutt som deltek i Unit sine avtalar og har gjort det i ei årrekke, men desse institusjonane deltek ofte i avtalar som tilbyr spesialiserte tidsskriftsamlingar og i mindre grad dei store pakkane som dekkjer mange fagområde. Deltakarar i avtalane for dei største basane er ofte dei store UH-institusjonane med fagleg breidde i forskinga si.

I På tvers III vart fokuset å sjå om det ville vere mogleg å få små institusjonar inn i avtalane som Unit administrerer. Unit har i prosjektperioden stilt spørsmål om dette alltid er den beste løysinga for slike institusjonar. Grunnane er desse: Det har vist seg vanskeleg å få gehør for prismatriser som tek omsyn til heilt små institusjonar. Ressursane er dyre, men det skuldast òg at ei rekkje av dei er svært omfattande og skalert for større institusjonar med brei forskingsportefølje. I somme tilfelle vil ein nok finne at Unit administrerer ressursar som det kan vere fornuftig å teikne abonnement på, men i andre høve, kanskje kva gjeld dei aller største tidsskriftpakkane, er det vel rimeleg at dette er ressursar som ein kan kjøpe enkeltvis eller teikne abonnement på.

Institusjonar som er lokalisert nær ein større UH-institusjon vil kome eit stykke på veg med ein referansedatabase. Da kan forskaren leite opp og vurdere relevansen av artiklane via sin eigen arbeidsplass og laste desse ned som walk-in use ved å oppsøke den større institusjonen. Unit har arbeidd spesielt med å forhandle gode avtalar for referansebasane for dei aktuelle institutta i denne tredje fasen av prosjektet. For Scopus er forlaget Elsevier villige til å sjå på løysingar der ein liten institusjon kan få vere del av ein større, og dei har brukt ein del ressursar på å forsøke å finne løysingar. Det blir arbeidd med å setje eventuelle rammer for dette hausten 2018.

11. Brukarstøtte og fjernlån

Ein del av mandatet i prosjektet er å «skissere mogelege løysingar for opplæring / brukarstøtte i søking og bruk av desse ressursane». Gjennom prosjektet og erfaring med forskarar på tvers i UH-biblioteka ser vi at behovet for brukarstøtte er meir omfattande enn berre å nyttiggjera seg av databasane. Dei seinare åra har vi sett ei utvikling mot at UH-biblioteka utviklar og styrker sine tenester innan forskingsstøtte. Det er sannsynleg at behovet for slike tenester er like stort for forskarar utanfor universitet og høgskule. Vi ønskjer difor i dette kapittelet å ha ei breiare tilnærming til kva brukar- eller forskingsstøtte omfattar. Vi fortel vidare om aktuelle avtalar som er inngått, og til slutt har vi laga ein tematisk oversikt over forslag til brukarstøtte for institutta.

Vi presiserer at vi her ikkje byggjer på systematisk innsamla data, men formidlar inntrykk gjennom prosjektarbeidet og vårt syn på denne tematikken. Truleg kunne dette emnet vore grunnlag for eit eige prosjekt der ein kartlegg betre kva behovet er, kva som vert gjort og haldningar til bibliotek si rolle i arbeidet med brukarstøtte.

Det er avgjerande at forskarar utanfor UH-sektoren kjenner til at biblioteka tilbyr slike tenester og kan etterspørje dei. Vi har sett at nokon UH-bibliotek allereie i dag sel slike tenester både internt og til eksterne.

a. Brukar- og forskingsstøtte i UH-biblioteka

Det er ei allmenn erkjenning at biblioteknester er ein kompetanse og ei teneste, ikkje berre eit lokale eller samlingar. Biblioteka driv omfattande undervisning og opplæring av studentar og tilsette i litteratursøk og kjeldebruk. Dei seinare åra har vi sett ei utvikling mot at UH-biblioteka utviklar og styrker sine tenester innan forskingsstøtte. At bibliotektilsette sin kompetanse er blitt viktigare viser seg også når institusjonane tilset bibliotekpersonale: Det vert satsa på tilsette med allsidig og forskjellig bakgrunn - også frå forsking. Det gjer det mogeleg å møte forskingsmiljøa sine behov på ein betre og meir relevant måte.

Eit anna viktig forhold er at brukarstøtte ofte vert formidla digitalt. Heimesidene til UH-biblioteka syner at alle legg ut informasjon om nettbaserte kurs, web tutorials og e-læringskurs, utvikla ved eige eller andre bibliotek, leverandørar eller andre. Oftast er slike digitale læringsressursar fritt tilgjengeleg, og dei vert delt og gjenbrukt av biblioteka. Utvikling av slike tenester har gjerne vore resultat av samarbeidsprosjekt mellom fleire institusjonar. «PhD on track»³¹ er eit døme på dette: Her står seks ulike UH-bibliotek bak tenesta, og målgruppa er nye forskarar.

Ein del bibliotek har chat-tenester for brukarane sine. Andre arrangerer workshops, kurs og seminar, og dei har eigne kurskatalogar som brukarane kan bestille frå.

Med brukarstøtte meiner vi også ei teneste som går vidare enn dette – nemleg at bibliotektilsette rattleier og hjelper brukarane direkte i deira konkrete oppgåver eller forskingsarbeid. Det skjer gjerne gjennom timebestilling og inneber at bibliotekar førebud seg til timen. Det hender også at bibliotekaren inngår i ei forskingsgruppe sitt arbeid.

Ved OsloMet - storbyuniversitetet internfakturerer biblioteket no forskingsprosjekt dersom dei bestiller meir tidkrevjande systematiske litteratursøk (Grønlund et al., 2018). Utgangspunktet for å gjera dette er det dramatisk aukande talet på publiserte artiklar og dermed aukande behov for å gjere systematiske litteraturoversikter. Grensa for fakturering går ved fem timer. Bibliotekarane har betra og standardisert handteringa av oppdraga og systematisk vidareutvikla eigen kompetanse. Om dette er vegen å gå, vil vi ikkje ta stilling til her, men det syner at det er aukande behov for spesialkompetanse ved avanserte og systematiske litteratursøk.

Biblioteka innan medisin og helsefag har vore i front når det gjeld å arbeide tett på forskarane. Her har det lenge vore tradisjon for å trekke inn profesjonell hjelp ved systematiske litteratursøk. Bibliotekaren sitt bidrag er no synleg og forpliktande i deira arbeid med til dømes såkalla «minimetode-vurderingar»³².

Under Helsebiblioteket er mange brukarstøttetenester samla. Her finst ei eiga søketeneste for klinikarar og sakshandsamarar i helseteneste og forvaltning. Alle kan dessutan finne dei konkrete spørsmåla til og svara frå tenesta - også kva søkestrategiar som er nytta³³. Bibliotekarar har arbeidd aktivt saman med fagmiljøa med å utvikle felles terminologi eller kontrollerte emneord innan medisin og helse, såkalla MESH-termar. Dette gjer gjenfinning i databasane enklare og sökeorda fungerer meir presist³⁴.

³¹ <https://www.phdontrack.net/>

³² <http://www.helsebiblioteket.no/minimetodevurdering/skjema>

³³ <http://www.helsebiblioteket.no/218235.cms>

³⁴ <http://www.helsebiblioteket.no/om-oss/artikkelarkiv/mesh-medical-subject-headings-pa-norsk-og-engelsk>

I seinare år har omgrepet «embedded librarianship» eller EL-modellen fått gjennomslag i bibliotekfagleg samanheng. Dette er eit uttrykk for at biblioteka får nye eller utvida oppgåver og fungerer tettare integrert med fagmiljøa i akademia. Bibliotekarane må ut av biblioteklokala og kontora sine og arbeide tettare på forskarane i fakulteta. Dette er viktig for undervisning og e-læring, men også innan forsking der bibliotekarane inngår som del av forskargruppa i faktultet og fagmiljø.

Ein litteraturstudie (Abrizah, Inuwa, & Afiqah-Izzati, 2016) om dette emnet påpeiker at bibliotekarar spelar ei viktig rolle i læringsinstitusjonar som arbeider etter denne modellen. Dei skriv at på forskingsområdet betyr det at bibliotekarane deltek aktivt i forskingsprosjekt på fakulteta eller som del av forskingsgrupper, og at biblioteket vert involvert i heile forskingsløpet frå start til slutt.

Biblioteka tilbyr rettleiing i akademisk publisering til fagpersonar, forfattarar og redaktørar. Når bibliotekarar går inn i forsking på denne måten, blir dei ein meir likeverdig partnar i forskinga. Ein ser no oftare at bibliotekarar står som medforfattarar på til dømes systematiske litteraturstudiar.

Dette fordrar bibliotekarar i akademia som kan og vil utvikle kompetansen sin på dette feltet, og det krev at biblioteka bevisst må bygge opp bibliotekarane sin forskingskompetanse.

Jamvel om denne måten å arbeide på truleg fungerer ulikt eller kanskje er i startgropa ved ein del institusjonar, så har dei fleste norske UH-biblioteka etablert ei rad tenester retta mot forskarane sine. Det dreiar seg om tenester for referansehandteringsverktøy, publisering, open access-arkiv, opphavsrett, bibliometri, forskingsregistrering, forskingsdata, støtte i skrivefasen og avansert litteratursøking.

b. Behovet for brukarstøtte hjå forskarar på tvers

I vår fase av prosjektet har vi vore i uformell kontakt, per e-post og telefon, med nokre av dei aktuelle UH-institusjonane som har ordningar for nærliggande institutt. Dei melder om varierande etterspørsel etter brukarstøtte bortsett frå det som gjeld systemet for referansehandtering, EndNote, som alle melder at det er behov for.

Når det gjeld Nord universitetet, så fortel Vidar Rongved som arbeidde der fram til 2018, at biblioteket mellom anna har hjelpt **Nordlandsforskning** (NF) i gang med deira eige institusjonelle arkiv. Rongved fortel òg at det er gjort noko rettleiing i spørsmål om publiseringaskanalar og open tilgang.

På meir spontan basis har tilsette ved biblioteket ved NU bidratt på ymse vis: Ein av bibliotekarane har hatt kurs i registrering i Cristin for NF-tilsette. Sjølv hadde Rongved halde foredrag om open tilgang for instituttet. Hans oppfatning er vidare at det er naturleg å invitere tilsette ved forskingsinstitutta til faglege kurs og møte som biblioteket arrangerer når det er god kapasitet.

Førebels er det ikkje skrive formell avtale om slike tenester for NF frå NU, men det vert arbeidd med å få dette til.

Helse Fonna og Høgskulen på Vestlandet, biblioteket Haugesund, har hatt avtale om levering av bibliotektenester frå 2010. Helseføretaket dekkjer kostnadene ved ein stilling på 80 % av fulltid.

I tillegg til kurs i litteratursøk og EndNote, etterspør tilsette ved helseføretaket fjernlån, systematiske søk, hjelp til å vurdere publiseringaskanalar, avsløre eventuelle useriøse tidsskrift og hjelp til å finne

impact factor³⁵. Ansvarleg bibliotekar er også involvert i arbeidet med å lage fagprosedyrar og minimetodevurderingar.

Vestlandsforskning har frå 2018 inngått avtale (vedlegg 2) med Høgskulen på Vestlandet, biblioteket Sogndal. Her står det at biblioteket skal bidra med fjernlån, brukarstøtte og kurs i litteratursøk og referansehandteringsverktøyet EndNote for dei om lag 25 forskarane som er tilsett der. For dette dekkjer instituttet kostnadene for ein 10 % stilling i biblioteket.

Denne ordninga har berre fungert i vel eit halvt år, så det er vanskeleg å si så mykje om erfaringar førebels. Forskarane har blitt invitert med på arrangement i regi av biblioteket om EndNote, litteratursøk og litteraturovervaking, bokcafér, og dessutan har ein arrangert ein eigen workshop om EndNote for VF-forskarane.

Det ser ut til å vera ulike synspunkt på kor stort behovet for brukarstøtte er. På tvers-prosjekta indikerer likevel at det er eit slikt behov, og ein av respondentane i fase 1 trekte fram søkehjelp under spørsmålet andre kommentarar «Generelt sett er det for lite tilgang til kompetente folk i føretaket som kan å søke opp den rette forskinga. Bibliotekar finst ikkje i føretaket. Og søkerkurs er litt type «ferskvare», må haldast vedlike ---» (Abelsnes & Roos, 2014 s. 43). På tvers-rapporten frå 2. fase fortel at institusjonane i oppsummeringssamtalane etterspør forskingsstøttetenester og brukaropplæring for søk og gjenfinning i databasar. Det er likevel ikkje gjort noko systematisk undersøking av dette.

Dei fleste offentlege fagbibliotek i Norge er opne for ålmenta, og eksterne brukarar vil truleg få noko hjelp ved litteratursøk - utan at det nødvendigvis vert registrert at det skjer. Vi veit ikkje noko om kor omfattande dette arbeidet er, men det føregår nok tilfeldig, og det vil vere ei teneste som ikkje er stabil eller god nok i det lange løp for denne gruppa av forskarar på tvers.

På den andre sida ser vi at mange forskarar i instituttsektoren har doble tilsetjingar og er då i tillegg knytt til ein høgskule eller universitet. Då vil truleg tilgangen både til brukarstøtte og litteratur / tidsskriftpakkar vera ivaretatt gjennom UH-institusjonen. UH-biblioteka ser ut til å ha ulik praksis i høve til randsone-brukarar. Nokre bibliotek inkluderer tenester til desse forskarane, men truleg berre dersom dei er aktive brukarar og sjølv tek initiativ til å få hjelp.

c. Forslag til tema for brukarstøtte for forskarar på tvers

Som omtalt under punkt 11b er det ulike erfaringar og meininger om kva som er det reelle behovet for brukarstøtte hjå denne gruppa. Kan hende heng dette saman med at forskarane ikkje er klar over kva UH-biblioteka kan bidra med? Ein føresetnad for å nå ut med løysingar er difor kontakt og formidling av tenestene til dei aktuelle brukarane. Bibliotekarane må delta aktivt der brukarane er.

Forslaget vårt er at eit mindre forskingsinstitutt kjøper bibliotektenester frå eit UH-bibliotek som til dømes kan omfatte følgjande punkt:

Fjernlån og tilgang i biblioteket

Fjernlån er ei nøkkeleneste for forskarane. Dette er ei teneste dei offentlege biblioteka samarbeider godt om og har lang tradisjon for å utføre. Bøker og artiklar som dei tilsette treng i arbeidet sitt, må

³⁵ <http://www.phdontrack.net/evaluation-and-ranking/citation-impact/>

bestillast og hentast i biblioteket. For tidsskriftartiklar er det eit vilkår i lisensane (for konsortieavtalar via Unit) at dei vert skrivne ut og henta i biblioteket.

Konsortieavtalane gir også tilgang til såkalla walk-in access til databasane for alle som oppsøker biblioteket. Informasjon om dette er nok ikkje alltid kjend for denne gruppa eksterne forskarar, men noko ei bibliotekteneste kan formidle.

Litteratursøk

Fordelen for eit forskingsinstitutt med å vera knytt til eit UH-bibliotek er at ein har personale som kan sørve forskarane på ulike nivå. Mange bibliotek tilbyr kurs på ulike nivå eller har eigne kurskatalogar som brukarane kan bestille frå. Dei utviklar og deler digitale læringsressursar, til dømes små instruksjonsfilmar, som hjelper brukarane i gang.

Det å velje ut relevante kjelder, utnytte tesaurusar og sette opp kompliserte søkestrengar, er tidkrevjande. Når omfanget av tenesta går ut over det som er eit rimeleg omfang, er det rimeleg å krevje ytterlegare kompensasjon, jf. vurderingane gjort i tenesta til OsloMet – storbyuniversitetet sitt bibliotek (Grønlund et al., 2018).

Referansehandteringsverktøy

Bruk av EndNote eller andre verktøy for å kunne samle og tilpasse litteraturreferansane til ulike stilar og krav, vert stadig viktigare. Her skjer vidareutvikling av programvare fortløpende og bibliotekarkompetanse er ein nyttig basis for å velje, forstå og rettleie i bruken av slike program.

Det er sjølv sagt viktig at biblioteka utviklar og held ved like programuavhengig kompetanse på dette området. Det må ikkje nødvendigvis vera ein bibliotekar som har ei slik nøkkelrolle, men dette er jo program for å halde orden på bibliografisk informasjon, noko som er ein grunnleggande kompetanse i bibliotekarprofesjonen. UH-biblioteka har god tradisjon for brukarstøtte på dette feltet.

Publisering og open tilgang

Mange forskarar ønskjer å publisere i tidsskrift med høg vitskapeleg prestisje. Samtidig vert det no stilt strenge krav om open tilgang til forskingsresultat frå norske forskarar i og utanfor UH-sektoren. Dette fordrar kunnskap til dømes om publiseringssindikatorar, hjelp til å velje seriøse utgivarar, publisering i opne institusjonelle arkiv, opphavsrett og publiseringssavgift i open access-tidsskrift. Andre stikkord for brukarstøtte i denne samanheng er bibliometri, sitering og impaktfaktor.

Open access-arkiv

Å opprette og drifta eit ope institusjonelt arkiv for eigne publikasjonar er eit arbeid som krev kompetanse og ei teneste det kan vera aktuelt for institutta å kjøpe. Biblioteka i UH-sektoren har tradisjonelt hatt dette ansvaret i sine institusjonar.

Forskinsregistrering

Det er viktig for institusjonane at publisering vert registrert og formidla på måtar som gjer at ein når ut med sine forskingsresultat og at ein oppnår akademisk gjennomslag. Biblioteka i UH-sektoren har lang erfaring med brukarstøtte på dette feltet.

Andre tenester

I seinare tid ser vi også døme på norske UH-bibliotek som arbeider aktivt med å bygge opp kompetanse og tenester innan forskingsdata. Det omfattar å finne, publisere, formidle og gjenbruke forskingsdata. Likeins kan det verta aktuelt for desse biblioteka å yte tenester som støtte i skrivefasen og støtte til skriving av søknader om økonomiske midlar.

d. Omfang og avtale

Dersom ein ønskjer å gi tilbod om god brukarstøtte i samsvar med desse sju punkta, må ein avtalefeste og fakturere tenesta. Men betalingsviljen for brukarstøttetenester ser ut til å vera ulik – og kanskje liten? I fase 2 av prosjektet og på møtet prosjektgruppa hadde i januar 2018, vart det frå enkelte institutt signalisert liten betalingsvilje når det gjaldt lisensar. Vi vil tru at det same kan gjelde for brukarstøtte.

Når det gjeld fjernlånsteneste, er dette noko som blir klart verdsett av denne typen eksterne brukarar. Dei offentlege fagbiblioteka har lang og god tradisjon på deling og lån seg i mellom – både i inn- og utland. Det er rimeleg at eksterne også er med og deler kostnadene ved ei slik teneste.

Kva omfanget på ei teneste for å sørve eit lite forskingsinstitutt skal vera, er vanskeleg å stipulere. Organisasjonen sin forskingsintensitet er sjølv sagt ein viktig faktor. Det ville vera naturleg å sjå på storleiken på bibliotekstillingar brukt til forskingsstøtte i høve til talet på forskarar i UH-sektoren for å danne seg eit bilde av behovet. Dette har det ikkje vore rom for å gjennomføre i vårt prosjekt. Med såpass små institutt, meiner vi det bør det vera ei minimum storleik på tenesta.

Kanskje kan det nivået Vestlandsforskning har lagt seg på, vera eit utgangspunkt? Instituttet har inngått avtale om ein 10 % stillingsressurs for ca. 25 tilsette. Brukarstøtte i denne avtalen er avgrensa til søkekurs og brukarstøtte for aktuelle basar og EndNote. I tillegg omfattar avtalen fjernlån og nokre få andre administrative oppgåver. Dei siste fire punkta i oversikten over er såleis ikkje dekkja av avtalen for Vestlandsforskning.

Også løysinga ved Helse Fonna er å betale for ei konkret stilling eller stillingsbrøk for slike tenester frå høgskulebiblioteket i Haugesund. Rettleiing og opplæring i litteratursøk vert gjort på ulike nivå – frå grunnleggande rettleiing i korleis søke i ein database – til tidkrevjande bidrag ved oppsett av meir kompliserte søk i fleire databasar. Her betalar helseforetaket for ein bibliotekar i 80 % stilling.

Auka kompetanse i biblioteka og meir spesialiserte tenester i biblioteka overfor forskarmiljøa, vil truleg bidra til at etterspørselet etter brukarstøtte blir større. Vi vil også peike på at slik hjelpe er eit spørsmål om tillit og noko ein treng tid for å innarbeide. Truleg vil dette vera ein vinn-vinn situasjon for biblioteka som inngår slike avtalar med institutta ved at dei kan få styrka sine ressursar til forskingsstøtte.

12. Diskusjon og konklusjon

Internasjonal publisering er i rask endring, difor er også rapportar som «På tvers» ferskvare. Våre prosjekt starta for om lag sju år sidan. Sjølv om andelen open access-publiseringar har auka, samarbeid i forskarnettverk er blitt meir omfattande og ein del forskingsinstitutt har fusjonert, ser det framleis ut til at utfordringane i hovudsak er slik dei vart dokumentert i fase I: Forskarane i små forskingsmiljø har ikkje god nok tilgang til vitskapeleg litteratur. Dette vart også understreka i 2017 i evalueringsrapporten frå Norges forskningsråd (The Research Council of Norway, 2017) om dei samfunnsvitskapelege forskingsinstitutta.

I rapporten frå «På tvers»-prosjektet sin første fase (Abelsnes & Roos, 2014) heiter det at «Prosjektets endelige mål er å oppnå mer fleksible lisensavtaler med utgivere og agenter slik at avtalene ved UH-institusjonene åpner for at andre institusjoner/personer enn egne ansatte og studenter kan inkluderes i avtalene».

Prosjektrapporten frå fase II (Roos et al., 2015) hadde to forslag til løysingar: Anten forhandle fram ein nasjonal pris for alle typiske På tvers-institusjonar i Norge – eller ein modell der ein På tvers-institusjon knyter seg til ein UH-institusjon og får tilgang til deira ressursar mot å betale ein prosentdel av tilgangen basert på FTE.

Dette tredje prosjektet sitt mandat er at ein saman med Unit ville søkje å utvikle meir fleksible modellar av fellesløysingar for korleis desse organisasjonane kan løyse sine behov for effektiv tilgang til digital vitskapeleg forsking. Dette kan vera løysingar på nasjonalt nivå eller regionalt nivå, via aktuelle bibliotek i UH-sektoren.

I vår fase av prosjektet har vi fått avklart at forlaga ser på desse små institusjonane som eigne juridiske einingar og ikkje godtar ein deltarar som omfattar fleire sjølvstendige organisasjonar.

Nokre forlag gir likevel fordelar til institusjonar som har ein UH-institusjon som majoritetseigar. I ein del tilfelle er dette berre mellombels eller «individuelle» ordningar - ikkje standardiserte løysingar. Dei medfører svært mykje ekstra arbeid og forhandlingar og kan såleis heller ikkje kallast fleksible.

Strenge og kompliserte lisensvilkår og forlag som er i ein monopolsituasjon gjer også at det viser seg vanskeleg å finne fleksible modellar.

Som omtalt i kapittel 9 utgjer UH-institusjonar hovudtyngda av deltarar i konsortieavtalane til Unit. Desse er så store at det finst eit system for prising som dekkjer dei. Sidan det er desse institusjonane som betaler mest, er det ikkje urimeleg at utgivaren fokuserer på dei. Det er ikkje mykje å tene for utgivaren på ein liten institusjon. Det er difor vanskeleg å få til god, transparent prising for heilt små institusjonar.

Vestlandsforskning er ein liten sjølvstendig stiftelse (med om lag 25 forskrarar) som må inngå eigne databaseavtalar sjølv om ein har samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet. Dette er fordi Vestlandsforskning er ein stiftelse og eiga juridisk eining. For Vestlandsforskning vil det vera avgjerande å få avtalar som har meir finmaska prismatriser. For eksempel hadde eit stort forlag ein prisstruktur der 750 fulltidsekvivalentar var minste tal brukarar for ein database medan Vestlandsforskning har 25 forskrarar. Det betyr ein alt for høg pris for eit lite institutt.

Nordlandsforskning (NF) er i ein annan situasjon enn Vestlandsforskning på grunn av eigartilhøva, jf. kapittel 10b. Nord universitet (NU) er majoritetseigar i aksjeselskapet Nordlandsforskning . NF og NU har gått saman med Unit og forhandla fram mange avtalar for NF. Det viste seg at NF oppnådde fordelar – av varierande verdi - ved å ha universitetet inne som majoritetseigar. Men dette vart særskild arbeidskrevjande både for Unit, universitetet og instituttet. NF har fått eit konglomerat av eit avtaleverk som er uråd å standardisere. Unit er ikkje rigga for å forhandle slike individuelle avtalar for deltarane i konsortia, men fellesavtalar som institusjonane kan si ja eller nei til. Ordninga Nordlandsforskning har oppnådd, kan dermed sjølv sagt heller ikkje karakteriserast som ein fleksibel modell. Men det kan sjå ut til at dei får vidareført fordelaktige avtalar. Dette er også i tråd med det Norut i Tromsø har erfart, jf. kapittel 6a.

I forhandlingar med forlaga forsøker Unit no å fremje ein standard avtale som inneheld eit tillegg for institusjonar i kategorien mor/dotter-institusjon. Dei arbeider også for å få prisstruktur som kan ivareta dei minste institusjonane. Unit har utarbeidd ei sjekkliste som vert brukt overfor institusjonar som ønskjer å gå inn i konsortieavtalane deira. Unit presiserer at dei ikkje har kapasitet eller verktøy til å forhandle slike avtalar som særlifelle, difor er det nødvendig med eit formelt avtaleverk.

Meir emnebaserte tidsskriftpakkar kan kanskje vera ei alternativ løysing for ein del av institutta. Problemet er at slike pakkar ikkje vert tilbode frå dei aller største forlaga. Ofte er det aggregatorar som sel samansette pakkar, men då er det gjerne forsinka tilgang (opp til eit år etter utgjeving) til dei nyaste forskingsartiklane. Unit forhandlar sjeldan avtalar med aggregatorar, primært med forlag eller utgivarar, så då må institutta sjølve forhandle om kompliserte lisensvilkår.

I kapittel 9e peikar vi mellom anna på at UH-biblioteka har store ressursar innan digital vitskapeleg litteratur enkelt tilgjengeleg via såkalla walk-in access. Vi meiner dette er ein verdifull ressurs, men kanskje er dette framleis ikkje godt nok kjend i forskingsmiljøa?

Som omtalt i kapittel 8e er det teikn i tida som tyder på at forlaga sin monopolituasjon vert utfordra. Store europeiske konsortium stiller krav om betre vilkår i avtalane, og fleire av dei har gått til oppseing når dei ikkje vert imøtekommne. Viktige forhold for instituttsektoren er også den aukande mengda open access-publikasjonar. Det viser seg at omfanget av artiklar med open tilgang er aukande og ei gruppe amerikanske forskarar (Piwowar et al., 2018) anslår at om lag 28% av vitskapelege tidsskriftartiklar no er ope tilgjengeleg. Norges forskningsråd går saman med dei europeiske forskingsråda og andre europeiske forskingsfinansiørar om å krevje open tilgang til forsking dei finansierer frå 2020³⁶ gjennom den såkalla «Plan S».

Unit har som mandat å vere ein pådrivar for open tilgang og arbeider for at betalingsstraumen for vitskapleg publisering blir snudd, frå avgift for lesing til avgift for publisering. Slik sikrar ein at også forskarar som ikkje har råd til å betale for dyre tidsskriftpakkar eller -databasar, har moglegheit til å få tak i god og relevant forskingslitteratur, både nasjonalt og internasjonalt.

Når det gjeld brukar- eller forskingsstøtte, omtalt i kapittel 11, finst det døme på samarbeid som fungerer godt. Kompleksiteten for forskarane ved publisering er blitt større, og forskarane innanfor UH-sektoren etterspør brukarstøtte frå biblioteka på mange felt. Difor har UH-biblioteka spesialisert sine tenester på dette feltet. Det vil etter vårt syn vera fornuftig for små institusjonar å kjøpe slik kompetanse hjå biblioteka i UH-sektoren. For eit UH-bibliotek kan det å yte ei slik teneste til instituttsektoren og dermed bli tilført auka ressursar, ytterlegare styrke UH-biblioteket si verksemd på feltet. Dette kan verta ein vinn-vinn-situasjon for begge partar.

a. Vegen vidare

Problema med tilgang til forskingsressursar for forskingsinstitutta, vart karakterisert som ein gordisk knute av leiar i Forskningsinstituttenes fellesarena (tilknytta Abelia) Agnes Landstad. Det kan vi slutte oss til. Dette er ein global marknad som på den eine sida er prega av kompliserte lisensavtalar og store leverandørar som er einerådande i marknaden, og på den andre sida forskingsmiljø i små organisasjonar.

Unit arbeider vidare med å få prismodellar som også er tilpassa for dei små institusjonane eller lisensar som gjer det mogleg for tilknytta institusjonar å delta i avtalar. Erfaringane Unit har gjort, samt liknande røynsler frå dei britiske og finske konsortia, viser at førstnemnde alternativ er mest realistisk.

³⁶https://www.forskningsradet.no/no/Nyheter/Europeisk_offensiv_for_aper_tilgang_til_forskning/1254036638687/p1174467583739

Vårt prosjekt har ikkje funne andre fleksible modellar som kan løyse utfordingane for dei små forskingsinstitutta, men dei siste 15 åra har det skjedd ei positiv utvikling mot stadig meir open access-publiseringar av forskingslitteratur. Saman med meir omfattande samarbeid i forskarnettverk vil dette sjølvsagt hjelpe dei små forskingsmiljøa.

Det er samstundes lovande at representantar frå Norges forskningsråd vil samarbeide med Unit for å finne andre, mogelege fellesløysingar.

Vi har undervegs i prosjektet opplevd at betalingsviljen hjå forskingsinstitutta er nokså varierande, og etter vårt syn må desse institusjonane erkjenne at god tilgang til vitskapelege e-ressursar vil koste. Sektoren bør prioritere midlar til dette, noko også Norges forskningsråd sin evalueringsrapport for dei samfunnsvitskapelege institutta understreka.

Samarbeidsavtalar mellom små forskingsinstitutt og bibliotek i universitets- og høgskulesektoren har vist seg å vera positivt. Desse biblioteka er i full gang med å vidareutvikle sin kompetanse på forskingsstøtte. Det kan vera støttetenester som til dømes handlar om litteratursøk, referansehandtering, forskingsregistrering og publisering. Å selje slike bibliotektenester til forskingsinstitutt, vil kunne bety ei styrking av denne aktiviteten i biblioteket og såleis vera gunstig for alle partar.

Leiarar i UH-sektoren i Norge uttrykker (mellom anna i brev frå Universitets- og høgskolerådet til Unit i juli 2018) at dagens abonnementssystem ikkje er berekraftig og arbeider for å påverke situasjonen. Dette er ei utvikling vi ser i mange europeiske land. Saman med aukande tal for andelen opne publiseringar, er dette viktige steg i rett retning.

Vidare har Norges forskningsråd slutta seg til «Plan S» som innfører krav om full open tilgang for offentleg finansierte forskingsartiklar frå 2020. Dette er ein svært ambisiøs, og for tida svært omdiskutert plan, som sannsynlegvis vil framkunde denne prosessen.

Unit har fokus på open tilgang og arbeider i praksis for at systemet med lisensavtalar som vi kjenner det, blir utfordra gjennom ein overgang til modellar for open tilgang. Viss dette lukkast, vil det sjølvsagt vera den beste løysinga på problemet med manglande tilgang for små forskingsinstitusjonar og forskrarar på tvers.

Litteratur

- Abelsnes, K., & Roos, M. (2014). *På tvers - regional tilgang til forskningsressurser. Prosjektrapport fase 1: Kartlegging* (978-82-7709-205-8). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2482253>
- Abrizah, A., Inuwa, S., & Afiqah-Izzati, N. (2016). Systematic Literature Review Informing LIS Professionals on Embedding Librarianship Roles. *Journal of Academic Librarianship*, 42(6), 636-643. <https://doi.org/10.1016/j.acalib.2016.08.010>
- Berntsen, I. (2011). *Tilgjengelighetsprosjektet : en undersøkelse om etablering/ drift av elektronisk litteraturtjeneste til eksterne virksomheter. Rapport høsten 2011*. Universitetet i Tromsø: Universitetsbiblioteket.
- Björk, B.-C. (2017). Scholarly journal publishing in transition- from restricted to open access. *Electronic Markets*, 27(2), 101-109. <https://doi.org/10.1007/s12525-017-0249-2>
- Grønlund, I. L., Gundersen, M. W., Korvald, T., Karlsen, E., Tangen, A., Thorvik, C., & Ødemark, I. L. (2018). Systematiske litteratursøk til salgs: Ny tjeneste fra biblioteket. *Nordic Journal of Information Literacy in Higher Education* 10(1), 7. <https://doi.org/10.15845/noril.v10i1.286>
- Houghton, J. f., Swan, A., & Brown, S. (2011). *Access to research and technical Information in Denmark* (9788792372871). Henta frå https://www.deff.dk/uploads/media/Access_to_Research_and_Technical_Information_in_Denmark.pdf
- Kunnskapsdepartementet. (2016). *Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater : Rapport til Kunnskapsdepartementet 14.06.2016*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/72e9794a183647e5b53ec39ba8cf516a/rapport-nasjonale-retningslinjer-for-apen-tilgang-til-forskningsresultater.pdf>.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Nasjonale mål og retningslinjer for åpen tilgang til vitenskapelige artikler*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-mål-og-retningslinjer-for-apen-tilgang-til-vitenskapelige-artikler/id2567591/>.
- Martincic, J. (2018, 10.juli). Utfordrer forlagsmakta. *Klassekampen*. Henta frå <http://www.klassekampen.no/article/20180710/ARTICLE/180719999>
- Matthews, D. (2018). Will other countries follow Germany into battle with Elsevier? *Times higher education*(February).
- Mittermaier, B. (2017). From the DEAL engine room : an interview with Bernhard Mittermaier. *LIBREAS. Library ideas*, 32, 6.
- Mjelde, H., Torgersen, I., Hammersbøen, Å. M., Mikalsen, T., Trygstad, H., & Strand, G. (2017). *Helsetjenestens tilgang til internasjonale tidsskrifter og andre kunnskapsressurser : Rapport fra arbeidsgruppe nedsatt av Helse- og omsorgsdepartementet*. Henta frå <http://www.helsebiblioteket.no/252699.cms>
- Piwowar, H., Priem, J., Larivière, V., Alperin, J. P., Matthias, L., Norlander, B., . . . Haustein, S. (2018). The state of OA: A large-scale analysis of the prevalence and impact of Open Access articles. *PeerJ*, 2018(2) E4375 <https://peerj.com/articles/4375/>
- Research Council of Norway [Norges forskningsråd]. (2017). *Evaluation of the norwegian social science research institutes : Principal report : evaluation : division for science* (978-82-12-03571-3). Henta frå <https://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?pagename=ForskningsradetNorsk%2FHoverdsidemal&cid=1212565796096&c=LinnholdsKontainer&p=1220788264903&queryString=evaluation+of+the+norwegian+social&sortby=Aar&sortorder=desc&hits=30&publicationType=ALLE>
- Roos, M., Hansen, G. H., Vik, G., & Nilsen, G. H. (2015). *På tvers - regional tilgang til forskningsressurser. Prosjektrapport fase 2: Pilot* (978-82-7709-206-5). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2482256>
- Sundby, O. (2006). *Danser med ulver : bibliotekene, utgiverne og de elektroniske kunnskapskildene : en delrapport i bibliotekutredningen 2006* (Vol. @#24). Oslo: ABM-utvikling. Henta frå <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/danser-med-ulver>

- Svarstad, J. (2017a). Slik skal all norsk forskning bli tilgjengelig for alle. *Forskerforum*(August).
- Svarstad, J. (2017b). Tidsskrifter: Det er ute av kontroll. Vi må gjøre noe med makten til forlagene. *Forskerforum*, 49(7).
- Taplin, B., Alderson, C., Franca, A., & Dale, R. (2017). Licensing for additional users and partner organizations: finding your way through the maze - a consortium perspective.(Commentaries). *Insights: The UKSG Journal*, 30(2), 78-84.
<https://insights.uksg.org/articles/10.1629/uksg.366/>

Vedlegg 1

Rapport om deltaking for eit forskingsinstitutt via eit universitet

Solveig Wikstrøm, Ceres, januar 2017.

Nordlandsforskning med 40 årsverk ønskjer å delta i konsortieavtalar under Nord Universitet som er majoritetseigar i forskingsinstituttet. Dei ønskte å delta i 15 avtalar.

I mai 2016 tok Ceres (tidlegare Cristin), som administrerer konsortieavtalane, kontakt med 15 leverandørar for desse avtalane. Førespurnadene var likelydande: Dei skisserte tilhøvet mellom Nordlandsforskning og Nord Universitet (altså at Nord Universitet er majoritetseigar i Nordlandsforskning), og bad om pris for Nordlandsforskning, som skulle reflektere den beskjedne storleiken: «The price offered must reflect the small size of this institute, and include a significant reduction in price in comparison with the price charged for the main Institution.»

Pr. 6. januar 2017 hadde 13 leverandørar gitt Nordlandsforskning tilbod.

6 lar Nordlandsforskning delta som ein del av Nord Universitet utan ekstra kostnad – dette var sjølv sagt den aller beste løysinga. Grunnane dei gav var t.d.:

«there will be no change to how we price the library as they are not significant enough for us to consider moving them to new price band»

«the addition (...) will not have an impact on the subscription fee»

«We don't see any problem with adding Nordlandsforskning (...) to Nord Universitet»

«they are welcome to include the research institute for free as I hope this will help their budgets with the overall increase for 2017 onwards and our thanks for being a loyal customer»

7 kom med pristilbod. Dei fleste av desse leverandørane her allereie ein prismodell på plass for små forskingsinstitutt. Nokre bruker t.d. Ceres sin mal for tierinndeling av forskingsinstitutt:

<http://www.cristin.no/konsortieavtaler/faq/prisstruktur.html> Andre har stipulert pris for akkurat denne institusjonen, anten som ein sum utan grunngjeving for korleis prisen vart arbeidd fram, andre som eit prosentvist påslag til beløpet Nord Universitet betaler. Grunnane dei gav for ikkje å inkludere Nordlandsforskning vederlagsfritt i Nord Universitetets avtale var at Nordlandsforskning, sjølv om institusjonen er majoritetseigd av Nord Universitet, er den likevel ikkje ein del av Nord Universitet, men har eige IP-spenn og er ei eiga juridisk eining.

2 leverandørar har ikkje ferdig tilbod. Ein av desse er Ceres i dialog med, men her er prisen ikkje heilt klar. Den siste har ikkje svart i det heile. Her er grunnen at avtalen er til reforhandling, slik at det fortsatt ikkje er ferdige prisar for konsortiet i det heile.

Eigarskapet er viktig for forlaga. Fleire bad om stadfesting på at forskingsinstitusjonen verkeleg er majoritetseigd av morinstitusjonen, før dei i dei fleste tilfelle gav Nordlandsforskning rett til å delta under U. Somme valte å sjå på Nordlandsforskning som ei eining som skulle prisast utanfor Nord Universitet. Desse var særleg forlaga som allereie hadde ein prismodell på plass for forskingsinstitutt, og da var altså det at Nordlandsforskning er ei eiga eining viktig.

Det var òg viktig at Nordlandsforskning ikkje er ein kommersiell aktør. Mange forlag har eigne prisstrukturar og eigne avdelingar som tek seg av såkalla «corporate customers».

Arbeidet vart sjølv sagt gjennomført som følgje av eit reelt behov frå Nordlandsforskning si side for forskingsressursar, men Ceres tok òg på seg dette oppdraget for å sjå korleis forlaga valte å handsame denne typen førespurnader, for å kartleggje kva som er mogleg å få til. I det følgjande vil vi gi ei framstilling av erfaringane vi sit igjen med:

Ressursbruk hjå Ceres: Prosjektet vart ressurskrevjande av fleire grunnar:

- Kommunikasjon med forlaga. Mest alle forlaga vart purra over sommaren etter den første førespurnaden, og fleire vart purra fleire gonger. Det er vel ikkje utenkeleg at dei opplevde førespurnaden som mindre viktig – ein liten institusjon tener ein ikkje mykje på, om noko i det heile.
- Ceres var i dialog med fleire av forlaga for å avklare eigarskapstilhøvet mellom Nord Universitet og Nordlandsforskning.
- I fleire høve forhandla Ceres med forlaga: Der forlaga først kom med pristilbod som Nordlandsforskning som sjølvstendig institusjon. I nokre høve gikk dei altså med på å innlemme Nordlandsforskning under Nord Universitet utan tillegg i prisen.
- Ceres har ikkje ei databaseløsing som gjer det mogleg å administrere små institusjonar som deltek som ein del av større institusjonar. Databasen blir halde ved like av éin administrator, som i kvart einskild høve blir beden om å opprette felt for denne typen institusjon. Frå 2017 vil det kome ein ny database for administrasjon av konsortium, som vonleg vil gjere dette enklare.
- Forlaga hadde ulik praksis for korleis dei ønskja å administrere Nordlandsforskning. Nokre syntest det var greitt at Nordlandsforskning var en «usynleg» del av Nord Universitet, der det berre var naudsynt å rapportere inn IP-adresser, medan andre ønskte å skilje Nordlandsforskning ut som ein sjølvstendig institusjon, òg i samband med faktureringa.

Behov for planlegging og strømlineforming:

Dette oppdraget viste at fleire av same type vil krevje ei viss omlegging av måten Ceres arbeider på:

- Det er nødvendig å ha eit rammeverk for kva for institusjonar Ceres kan arbeide for. Dette er ikkje nedfelt nokon stad utan nokså generisk i Ceres sine vedtekter (sjå nettsidene til Cristin). Generelt skal institusjonane vere offentleg finansierte, retta mot forsking, og det krevjast prinsipp for kva dette skal innebere. Dette må vere tydeleg formulert overfor forlaga.
- Det er nødvendig med tydeleg presisering av tilhøvet mellom institutt og morinstitusjon, da eit institutt som ikkje er majoritetseigd av institusjonen alltid vil få separat pris, og i mange høve bli fakturerert separat.
- Det vil vere nødvendig å kontakte alle forlaga for å be dei om å ta omsyn til små verksemder i tiermodellane sine. I tillegg til den nemnte tierstrukturen hjå Ceres, har JISC arbeidd med liknande problemstillingar, og har ein modell for dette.
- Det vil vere naturleg å melde slike førespurnader inn som eit større prosjekt med solid forankring, slik at forlaga tar tilstrekkeleg omsyn til førespurnaden. Vi såg at ein enkeltståande førespurnad frå eit lite institutt ikkje vart tilstrekkeleg prioritert hos alle forlaga.
- Det krevjast avklaring på korleis ein skal forhandle vilkår for små institutt andsynes forlaga. I tilfellet ovanfor, vart det majoritetseigde instituttet i nokre tilfelle innlemma i morinstitusjonen utan tillegg i prisen. Ved innlemming av prismodell for små institusjonar vil dette høgst sannsynleg falle bort. Kva aksepterer instituttet når det kjem til pris og andre avtalevilkår?
- Det er nødvendig å avklare kommunikasjon mellom Ceres og instituttet. Det var god kommunikasjon mellom institutt, morinstitusjon og Ceres i tilfellet som er behandla her, men potensielt er det behov for å avklare kor autonomt instituttet er. Har dei ikkje eige bibliotek, er det heilt nødvendig med morinstitusjonen som kontaktpunkt.

- I dag fordeler dei tilsette i konsortieteamet avtalene mellom seg, slik at kvar tilsett har innsikt i og ansvar for «sine» avtalar. Slik må det vere på grunn av kompleksiteten i avtalane. Ein tilsett har overordna ansvar for forhandlingane. Også bestilling og fakturering, altså bruk av UiOs økonomisystem, er personavhengig; to tilsette har kvar av desse rollene. Databasen blir administrert av éin person. Sidan kvar avtale har sine heilt spesielle vilkår, er det naudsynt med rutinar for samarbeid internt i Ceres. Om eit institutt ønskjer tilgang til fleire avtalar via ein morinstitusjon, er spørsmålet om dette skal administrerast av éin person som ser på tilgang for alle avtalane og arbeider i samarbeid med dei andre som har personavhengige rollar og med morinstitusjonen, eller om han eller ho som har ansvar for avtalen gjer dette. Uansett løysing krevjast det oppbygging av kompetanse på andre roller eller andre avtalar enn dei ein administrerer sjølv.
- Det krevjast tilpassa databaseløysningar for institusjonar som deltek via morinstitusjon. Som nemnt, blir det no arbeidd med dette.
- Det krevjast informasjon både frå morinstitusjonen og frå forlaget om faktureringa skal og bør skje separat eller samla.
- Det krevjast avklaring på IP-spenn – om det er separat spenn og kven som meld dette inn til forlaget.
- Det krevjast avklaring på kva for forlag som er aktuelle for slike førespurnader. Skal det gjelde alle forlaga, eller er det tilstrekkeleg med eit utval, t.d. dei største, dei som har vist seg mest generøse, dei som er mest ryddige og enkle å samarbeide med?
- Det krevjast samarbeid mellom Ceres og andre konsortium som arbeider med liknande problemstillingar (t.d. JISC og BIBSAM).
- Det krevjast avklaring av ressurssituasjonen, da Ceres pt. har knappe ressursar for administrasjon av konsortieavtalar.

Vedlegg 2

Avtale om bibliotektenester og tilrettelegging av vitskapelege e-ressursar mellanom Vestlandsforsking og Høgskulen på Vestlandet, Biblioteket Sogndal

1. Avtalen er inngått mellom Vestlandsforsking (VF) og Høgskulen på Vestlandet (HVL), biblioteket Sogndal.

Høgskulen på Vestlandet, biblioteket Sogndal, som vertsinstitusjonen, skal yte bibliotektenester og legge praktisk til rette for tilgang til dei bibliografiske e-ressursane/databasane som Vestlandsforsking inngår.

Avtalen gjeld i første omgang for ein periode på 1 år frå 1.januar 2018. Deretter vert omfanget av avtalen vurdert kvart 2. år. Partane kan seie opp avtalen innan 1.oktober, og det vil ha verknad frå påfølgjande årsskifte.

VF inngår eigne avtalar/ lisensar med leverandørar og forlag - dersom det ikkje er mogeleg å inngå felles avtalar med HVL.

2. Innhold
 - a. Avtalen omfattar følgjande bibliotektenester
 - i. Tilrettelegging av databasane med
 1. Innmelding av ip-adresser til leverandørane
 2. Brukarstatistikk
 3. Annan tilpassing som krev admin-pålogging eller kontakt med databaseleverandøren.
 - ii. Ein bibliotekar ved vertsinstitusjonen fungerer som kontaktbibliotekar overfor Vestlandsforsking.
 - iii. Søkekurs og brukarstøtte for aktuelle basar og EndNote.
 - iv. Fjernlån frå bibliotek i Norden. Ved kostbare tenester frå andre land må ein vurdere særskild fakturering.
 - b. Omfang: Bibliotektenestene (utanom lisensavgiftene) utgjer om lag ein 10 % stilling.
 3. Fakturering
Fakturering av bibliotektenester skjer 2 gonger årleg frå Høgskulen på Vestlandet.
 4. Usemje
Usemje om innhaldet i avtalen eller misleghald av avtalen skal handsamast av eit utval der institusjonane peikar ut kvar sin part. I tillegg vert dei samde om ein tredje ekstern/uavhengig part.
 5. Underskrifter

Vedlegg 3

Forskningsinstitutt i Unit sine avtalar, 2018.

Nøkkeltal:

CERES administrerer og forhandlar 39 bibliotekkonsortium/avtalar.

176 institusjonar deltar i eitt eller fleire konsortium. Hovudtyngda av institusjonar, både i tal på institusjonar og ikkje minst etter kor mykje dei betalar, er universitet og høgskular.

34 forskningsinstitutt deltar i 27 av Unit sine avtalar:

- 1 (veldig stort) forskningsinstitutt deltar i 12 konsortium
- 1 (veldig stort) forskningsinstitutt deltar i 9 konsortium
- 3 forskningsinstitutt (FTE mellom ca. 140-300) deltar i 8 konsortium
- 1 forskningsinstitutt (FTE ca. 175) deltar i 7 konsortium
- 2 forskningsinstitutt deltar i 6 konsortium
- 4 forskningsinstitutt deltar i 5 konsortium
- 5 forskningsinstitutt deltar i 4 konsortium
- 6 forskningsinstitutt deltar i 3 konsortium
- 5 forskningsinstitutt (FTE mellom ca. 20-60) deltar i 2 konsortium
- 6 forskningsinstitutt (FTE mellom ca. 5-145) deltar i 1 konsortium

CERES' avtalar (rangert etter kor mange forskningsinstitutt som deltar i avtalen).

Prisane er ikkje tekne med her, da dette i dei fleste tilfelle er konfidensiell informasjon.

Clarivate Analytics (WoS, JHCD, CPCI)

- Siteringsdatabase. Ca. 20 000 tidsskrift.
- Prisane er basert på FTE. Første år kjem i tillegg ei avgift for tilgang bakover i tid, samt tal på produkt. Alle deltakarar har WoS, nokre òg JHCD og CPCI.
- Til reforhandling i 2018.
- 57 deltakarar, av dei er 25 forskningsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 20 til ca. 1300.

Elsevier Science Direct Freedom Collection

- Tidsskriftbase med ca. 2300 titlar
- Pris på bakgrunn av institusjonen sine eksisterande abonnement.
- Til reforhandling i 2018.
- 44 deltakarar, av dei er 16 forskningsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 45 til ca. 1300

Springer

- Tidsskriftbase med ca. 2300 titlar, primært naturvitenskap.
- Pris på bakgrunn av institusjonen sine eksisterande abonnement.
- Til reforhandling i 2018 (saman med Nature)
- 36 deltakarar, av dei er 15 forskningsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 20 til ca. 1300.

Wiley

- Tidsskriftpakkar
- Til reforhandling i 2018.
- Pris på bakgrunn av institusjonen sine eksisterande abonnement.
- 37 deltagarar, av dei er 13 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 35 til ca. 1300

JSTOR

- Tidsskriftpakkar, både fagspesifikke og tverrfaglege
- Pris basert på JSTOR sin klassifisering og fråtrekk for overlapp i pakkane
- 46 deltagarar, av dei 13 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 45 til ca. 500

Nature

- Naturvitenskaplege tidsskrift, valfrie produkt der det blir gitt kvantumsrabatt
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og volumrabatt
- Til reforhandling i 2018 (saman med Springer).
- 25 deltagarar, av dei er 11 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 55 til ca. 500

Atekst

- Redaksjonelle arkiv frå norske og nordiske aviser og tidsskrift, sentrale nordiske aviser. 1700 kjelder.
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og –størrelse
- 83 deltagarar, av dei er 6 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 5 til ca. 500

Taylor & Francis

- Elektroniske tidsskrift (1590 titlar).
- Pris på grunnlag av institusjonstype/storleik samt kva for abonnement institusjonen allereie har
- Til reforhandling i 2018
- 22 deltagarar, av dei er 4 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 45 til ca. 150

Elsevier Scopus

- Abstract- og siteringsdatabase. Ca. 21 000 tidsskrift
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og størrelse
- Til reforhandling i 2018
- 20 deltagarar, av dei er 4 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 65 til ca. 1300

Sage Premier

- Ca 820 tidsskrift innan samfunnsvitskap, humaniora, medisin, ingeniørfag og miljø- og biovitakap
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og størrelse
- Til reforhandling i 2018
- 25 deltagarar, av dei er 4 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 20 til ca. 175

Clarify

- Elektroniske ordbøker. Obligatorisk basispakke, andre pakker er valfrie
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og størrelse
- 15 deltagarar, av dei er 4 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 45 til ca. 200

Britannica Academic

- Elektronisk oppslagsverk
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og størrelse
- 32 deltagarar, av dei er 3 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 50 til ca. 1300

OUP Databaser

- Produkta Grove Art, Oxford English Dictionary, Oxford Reference Online og Grove Music, kan bestillast kvar for seg
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og størrelse
- 23 deltagarar, av dei er 3 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 25 til ca. 450

ACM Digital Library

- Fulltekstsamling av artiklar og konferanse-papers. 1150 titlar innan informatikk, IT og telekommunikasjon
- Pris på bakgrunn av institusjonstype og størrelse
- Til reforhandling i 2018
- 14 deltagarar, av dei er 2 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 500 til ca. 1300

Palgrave

- Avtale under SpringerNature frå 2018, og er en såkalla ‘pick&choose’-avtale, kor kvar institusjon vel kva for Palgrave-titlar ein ønskjer å ha med i avtalen.
- Pris pr. tittel er listepris minus konsortierabatt på 30 %.
- 9 deltagarar, av dei er 2 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 50 til ca. 200

American Society for Microbiology

- Tidsskrift innan mikrobiologi
- Pris på grunnlag av tal på tilsette innanfor livsvitskapane
- 8 deltagarar, av dei er 2 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 200 til ca. 450

Institute of Physics

- Avtalen omfattar tilgang til tidsskriftpakken IOPscience extra og arkiv tilbake til eldste volum.
- Pris på grunnlag av institusjonens størrelse og tidlegare abonnement
- 8 deltagarar, av dei er 2 forskingsinstitutt med FTE-spenn frå ca. 200 til ca. 1330

Idunn

- Tilgang til tidsskriftene frå Universitetsforlaget
- Pris på grunnlag av institusjonens størrelse. Totalprisen er justert for tidsskrifter som er blitt ope tilgjengelig i 2017 og 2018

- 37 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 35

OCLC

- Avtalen gir tilgang til diverse referansedatabaser
- Pris på grunnlag av institusjonens type og størrelse
- 16 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 500

Ordnertt

- Digitale ordbøker frå Kunnskapsforlaget. Basispakken er obligatorisk, dei andre pakkane og enkeltståande ordbøkene er valfrie
- Pris på grunnlag av institusjonens type og størrelse
- 58 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 55

American Chemical Society

- Inneheld ACS All Publications Package. I tillegg er det òg mogleg å velje ACS Legacy Archive Lease. Denne pakken er eit eingongskjøp og inneheld årgangar av tidsskrift frå 1879-1995
- 9 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 1330

Cambridge Scientific Abstracts

- Tilgang til bibliografiske og fulltekst databaser fra CSA og ProQuest. Emnepakker, der ein kan velje heile pakker eller mindre samlingar innan emneområda teknologi, samfunnsvitskap, naturvitenskap, kunst og humaniora.
- Pris på grunnlag av institusjonens type og størrelse
- 10 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 140

CIAO Columbia University Press

- Fulltekstressurs innan internasjonale tilhøve med forskingsrapportar, tidsskriftartiklar, bøker, policy briefs, case-studies samt fakta om verdens land.
- Pris på grunnlag av institusjonens type og størrelse
- 2 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 45

Cambridge University Press

- Avtalen gir tilgang til over 300 tidsskrift innan forskjellige fagområde
- Pris på grunnlag av eksisterande abonnement hos utgivar
- 7 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 310

Emerald

- Elektroniske tidsskrift innan leiing, regnskap, økonomi, marknadsføring, turisme, helse og sosial, utdanning, informasjons- og bibliotekvitenskap, logistikk, eiendomsmekling, HR og engineering.
- Institusjonen kan kjøpe pakker etter størrelse (minimum 120 titlar) eller etter emne.
- FTE-baserte prisar for alle alternativa.
- Til reforhandling i 2018
- 13 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 200

Jane's

- Databaser for forsvar og militærvesen
- 3 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 500

The Economist

- Tidsskriftet The Economist
- Pris på grunnlag av institusjonens type og størrelse
- 2 deltakarar, av dei 1 forskingsinstitutt med FTE ca. 500

Avtalar Unit administrerer der ingen forskingsinstitutt deltar

- American Mathematical Society – 7 deltakarar totalt
- Britannica Public – 2 deltakarar totalt
- DeGruyter – 4 deltakarar totalt
- Economist Intelligence Unit – 8 deltakarar totalt
- Factiva – 3 deltakarar totalt
- JBI – 2 deltakarar totalt
- Oxford University Press Journals – 7 deltakarar totalt
- Portico – 4 deltakarar totalt
- Project Muse – 6 deltakarar totalt
- Royal Society of Chemistry – 3 deltakarar totalt